



*Dei sju*

*Takle-jentene*

*på Tasta*

*Barndomsminne*

Kopiert av Tasta Historielag etter  
tillatelse av Borgny Astad.

## *Kirsti*

Det er meg fortalt at eg litt motviljugt kom til verda på «Kåret» i Luster 22.05.07, ein onsdag. I «Århundrets Krønike» står det at Sir Laurence Olivier vart fødd same dag. Kor lenge mor og eg var på «kåret» før me reiste til Vikadalen, veit eg ikkje. Eg vart i alle fall døypt i Dale kyrkje i Luster. Det var i Vikadalen eller rettare sagt Naddvik me budde.

Då eg 2 år gamal fekk lungebetennelse, var eg i Luster. Den sjukdomen var om lag det same som døden den gongen, men i Luster hadde dei ein distriktslege som heitte Komann Han berga mange med å pakke den feberheite kroppen inn i laken som var vridd opp i iskaldt vatn. Så også med meg.

Vikadalen ligg på sørsida av fjorden 1 mil vest for Årdalstangen. Dalen er delt i to av elva. I elva budde den gongen han «Elve-Jo», som var ein farleg krabat. Eg minnest eg miste ein sko uti og for skrikande heim: «Han Elve-Jo tok skoen min!» No er elva turrlagd, og då der ikkje er andre vasskjelder, får dalen vatn gjennom røyr frå Seimsdalen på den andre sida av fjorden.

Den gongen var det to sjølveigande bønder. På vestsida av elva låg Viki. Eigarane var Ranveig og Olav Bjørkum. Ho var odelsjente. Så vidt eg veit var han lærar og kom frå Lærdal. Garden på austsida var Hovland. Skulen låg på den sida. På Hovland budde fem sysken. Den eldste var fæl til å drikke, og eg minnest kor redd eg var når han gjekk forbi på veg heim. Far fortalde ein gong at denne karen ikkje ville snakka med han. Far meinte nemleg at katolikkane var kristne. Han døydde medan vi var der inne. Det hadde vore mykje inngifte, så der var ein del degenereing.

Jakob og Johan hadde litt sanktveitsdans, og Ranveig var halt. Ingeleiv, den yngste, var heilt i orden. Ho sette viljen sin gjennom og gifta seg med ein av husmannsgutane. Det kom ikkje på tale at han kunne få garden. Men «skjebnens ironi» var at då me var der inne i 1968, var brorson hans bonde på Hovland. Hovland skal i si tid ha vore gudehov.

Under dei to gardane var alle andre bruk husmannsplassar, kor mange veit eg ikkje.

Mellom skulen og elva låg «Plassen». Dei som budde der, minnest eg ikkje. Men eg ser husa og geitene og eldhuset med kjelen dei koka geitost i. Den fekk me skrapa. I alle fall ein vår måtte det vera vakt under heile kjeinga. Der var så veldigt med rotter, og dei for på dei nyfødde kjea og åt.

På den andre sida av skulen låg Bø. Der budde Jon, som var jamgamal med meg og bestevennen min. Mora døydde, faren gifta seg att, men den nye kona ville ikkje ha noko med Jon å gjera, så han budde hos fastera, Mallina, og besteforeldra. Når Mallina fortalde eitkvart, spurde han alltid:»Va e med dao, Mallina?» Ein gong Jon brukte øksehamaren på eit eller anna på hoggestabben, bøygde eg meg over for å sjå kva han gjorde. Med det same lyfte han øksa og råka meg i panna. Med blodet silande for eg skrikande heim: «Det var ikkje Jon si skuld!» Jon døydde av lungebetennelse ikkje lenge etter at me var komne til Tasta. Dei eg var mest saman med ved sida av Jon, var Elsa og Hans i Viki, dei to yngste der. Hans var jamgamal med meg, Elsa var litt eldre. Ein gong på Hans sin gebursdag troppa me opp, heile ungeflokken i dalen. Hans hadde invitert oss utan at mora visste det.

Då me fekk vita om krigen som var komen i gang, hadde me ungene ein alvorleg samtale om det. Hans meinte dei kunne berre koma. Han skulle bruka «brødkniven» hennar mor.

Nokre gutar hadde stole ein god slump eple på Hovland og gøymt dei i ei løe som stod for seg sjølv bortafør Bø. Eg fekk forkledet fullt og kom strålande heim. Mor og far var ikkje fullt så strålande og eg måtte gå den tunge gangen til Hovland. Men der var alle blide, og veggen ned att, med alle epla i behold, var lett å gå.

Eg var 5-6 år då det var bryllaup på «Naustbakken», husmannsplassen mellom skulen og fjorden. Nokre karar som rimelegvis hadde fått litt i hovudet, kom og drog far og Bjørkum med seg bort i geithuset og batt dei der. Elsa og eg tok det alvorleg og galskreik. Men det var ikkje lenge før fangane kom att tvikroka av lått. Det biletet har sett seg fast.

Ei jente, Kristina, litt eldre enn eg, fekk hjernehinnebetennelse og døydde etter eit par dagar. Eg var kring 7 år. På skulen øvde me inn ein salme: «Den siste saknad er vel sår, når ven vert boren ut på bår», som me song i gravferda. Då me kom heim, var det mørkt, og i bislaget såg eg tydeleg Kristina i kvit kjole. Det var i grunnen ikkje så rart slik me vart fora med spøkelseshistorier. Når jentene eller konene henta heim ei vassbør frå elva om kveldane, samlast dei på elvereina. Der gjekk det ofte om dei som «gjekk att». Torgeir-morbror serverte òg plenti med varsel og attgangarhistoriar.

Eg torde ikkje sova utan ljøs før eg var 13 år. Då vart eg nøydd til det på Takle. Dei hadde ikkje elektrisk ljøs, og då ingen ting hende, var eg kurerert. I eitt eller anna høve var me i Randaberg-kyrkja. Moste og eg var ein tur rundt kyrkjegarden. Natta etter sov eg ikkje. Det hende at eg låg med Moste. Då kunne eg få for meg at ho som var så gamal, kring 50

år, kunne ligga død om morgonen. Det var fælt!

Om skulen i Naddvik var samla eller todelt, minnest eg ikkje. Bustaden var altså kjøken og kammers. Til Bergljot vart fødd var det bygd på stove og kammers. Kjøkenet var samlingsplass. Ofte var det leseprøver og øving på spelstykke. Skulestova vart brukt til møte i ungdomslaget, spelstykke, festar og møte når det kom emissærar til dalen. Men før me reiste frå Vikadalen, var det kome opp eit fint ungdomshus på kanten av brekka rett opp frå skulen

For å skaffe pengar dyrka ungdomane poteter på ein liten åker like ved foten av fjellet på Hovland-sida. Det kom svært ofte rullande stein nedover fjellet, for det var stupbratt. Når den lyden høyrdest, var det å ta på sprang, for ein visste aldri kvar steinen eller steinane hamna.

Ungdomshuset måtte vera ferdigt litt før krigen tok til i 1914. Me hadde gjester som skulle sjå det nye huset. Der oppe fekk eg auga på noko ut på fjorden som eg ikkje skjønna kva var. Eg trudde det var krigen som kom og vart heilt frå meg av redsle. Dei måtte ta meg ned i skulestova, ta fram kart og visa meg kor langt borte krigen var. Då me var i Vikadalen i 1968, var det gildt å koma inn i ungdomshuset. Det var heilt fint i stand og med stort bilete av far på veggen. Han var drivande kraft i arbeidet med ungdomshuset.

Harald var fæl til å belja i vilden sky når det var noko han vilde ha annleis. Ein gong han og eg hadde vore ærend på Hovland, fekk han det med skriking på heimvegen. Det høyrdest heilt bort i Viki. Dei trudde det var ein som heldt på å drukna i elvi og sprang i veg for å hjelpa.

Då Hjørdis kom til verda, var eg 6 år og stor nok til å vera barnejente. Me hadde vogn, men det var ikkje vegar, så eg bar henne på den eine hofta. Dei fortalde at då det var slutt på beringa, var eg skeiv.

På loftet over skulestova var det ein glugge. Der låg eg og lydde. Men eg var berre 5-6 år då eg fekk vera med i timane. Det var tal og rekning eg var oppteken av. Eg vart aldri lei av det.

Flesk og alt feitt var vederstyggelig for meg. Moste hadde nok sett seg i hovudet at jentungen skulle ha søt mjølk. Så ein dag Moste og ei til var åleine med meg, skulle det skje. Den eine heldt og den andre tvinga mjølk inn i munnen min. Å du skrekk og gru! Det kom ikkje mykje godt ut av den manøveren.

Far skula òg i Seimsdalen og Offerdalen på den andre sida av fjorden. Dit hadde han niste med. Kom han heim med restar av nista, smaka det umåteleg godt. Ein gong eg lukkeleg og glad beit til, så var det smult på brødet. Det var fælt det!

Far leigde eit lite jordstykke ved sida av skulen. Der hadde me fyrst

og fremst bringebær. Dei sende me til Dregni saftfabrikk i stampar med strie over. Me hadde eit lite uthus der, men om me hadde dyr, minnest eg ikkje. (No har eg fått vita at me hadde ku, nokre sauer og gris. Det var far som bygde uthuset, og det vart heitande Takle-fjøsen.)

Ein del av vinteren nådde ikkje sola over fjellet. Den fyrste gongen ho nådde over kanten i Skaret og kom oppover vollen, fekk me ut og springa i møte, om det var midt i timen.

I dei store bjørkene utanfor skulehuset var det alltid skjorereir. Ein gong datt ein unge ned. Me ungane tok oss av han og hadde svære planar. Men så var ein katt borti han. Me gjorde alt me kunne for å berge han, men utan nytte. Det var storsorg, og gravferd. Draumen fall i grus.

Eg var mykje i Luster hjå Moste og bestefar som budde på Kåret. Eg minnest godt eg sat i fanget hans i gyngestolen og han fortalde eventyr. Eg låg med Moste i kammerset. Ho kunne verta henta til ei vanskelig kalving eller eit sjukt dyr midt på natta. Då flytta eg inn til bestefar, som låg inne i stova. Moste var som ein dyrlækjar i bygda og fekk òg ei utmerking. Då mor kom til verda, var Moste 15 år. Etter fødselen vart bestemor så dårleg av astmaen at Moste måtte ta over alt fjøsstellet. Men det var ein merkeleg ting med Moste. Ho var livredd kattungar før dei hadde fått auge. Eg tykkjer eg ser henne ein gong ho heldt på å vaske loftstrappa. Katten kom med ein nyfødd unge og ville opp. Moste stod med armene i veret og galskreik.

Hans i Torgeir-garden og eg var alltid vener og levde i stadig strid med Hans i Hansagarden, «Hansaguten». Me skulle ikkje ha lov å koma forbi grinda, og der stod det mangt eit drabeleg slag. Men det var vel følt då eg i posten fekk eit kort der det stod: «Vil du verta kona mi? Hans.» Eg kjende meg utskjemd for heile verda for resten av livet. Det var sjølv sagt Torgeir-morbror sitt verk. Han var ein skikkeleg ertekrok.

I Åsen hadde eg mange gilde dagar. Me var fire syskenborn som heitte Kirstina. Det var Kirstina i «Aosen», Kirstina på Kleivi, Kirstina i Hansagarden og eg, Vikadals-Kirstina.

Dialekten er ein god del ulik i Luster og Årdal. I Årdal sa me «e» for eg og «mjål», «smår» og «fjål» for mjøl, smør og fjøl. Lærdal er mykje lik Årdal, men der skit dei når andre skyt.

Det var ikkje bryggje i Vikadalen, så «dampen» måtte bordast ute på fjorden. Nils, som budde heilt nede ved fjorden, var ute og sende og tok imot post. Men handelsmann, kyrkje og alt kommunalt var på Årdalstangen, og dit inn var det ei mil å ro. Ikkje så heilt lettvent.

Og så ei natt i mai 1915 forlet me Vikadalen. Minnet om den kvelden og halve natta er som ein halvblå draum. På båten var ei dame som

gjorde veldig inntrykk på meg. Ho hadde skinn om halsen og spaserte på dekk. Skinn hadde eg ikkje, men eg trur eg fann noko som erstatning, og så gjekk eg att og fram på dekk så likt som eg kunne få det til.

I Bergen tok Skule-Mons-farbror imot oss. Me vart innprenta å vera forsiktige så me ikkje skulle verta nedkøyrde. Tenk! Nedkøyrde i 1915! Harald fekk ei skrikerid for eitt eller anna ute på gata. Fælt!

Me kom til Stavanger den 21. mai. Bellest Høie, som var formann i skuletilsynet på Tasta, tok imot oss. Bagasjen vart lest på ei vogn, og me gjekk til Tasta ved sida av hest og vogn.

Harald for i veg opp på Varden, for han var inne i huset. Rommet under trappa verka spanande. Det var eit rom med dør for.

Eg var 8 år dagen etter me kom til Tasta og tok då til i 2. klasse. Men etter ei veke eller to sa Danilla Teigland at eg hadde ingenting å gjera, og det var rett opp i 3.klasse til Ole Erling Pedersen.

Skulen var 6-delt. Teigland hadde 1. og 2.klasse, Pedersen 3. og 4. klasse og far 5. og 6. klasse. I 6. var også 7. årskull. Då skulen vart 7-delt, vart Hodnesdal tilsett. Etter far sitt framlegg skulle lærarane fylgja klassane heilt fram etter å ha overteke 3.klasse. Det var for at Hodnesdal sin post skulle verta betre, men med tap for han sjølv.

Det var ikkje fritt Pedersen gjorde forskjell! Dagny Meland, Gudrun Husstøl og eg var i særklasse. Me slapp å spørje to gonger om å få blyant, visk osb.

Når Anna Heng, venninna mi som sat bak meg, spurde etter eit-kvart, høyrde han ikkje, så det var ofte eg spurde for henne. Vanlegvis såg han gjennom fingrane med det meste. Eit par gonger var han sint, og då var han sint så det sa seks. Eg var redd han skulle øydelegge dei det gjekk ut over.

I friminutta slo me mykje ball. Minnest ikkje om det var dei fleste, men det var i alle fall ein del som gjekk i tresko, og dei sprang like lett i dei som i vanlege sko. Eg prøvde, men vart aldri van med treskoa.

Gå kunne me. Alle dei gongene eg gjekk med korg på armen på torget og kjøpte fisk. Ein gong sende far meg i veg med korg til ei forretning i Østervåg for å henta dynamitt. Etter diskusjon mellom dei ansvarlege og under tvil fekk eg dynamitten. Eg snakka så godt eg kunne for far at han var på skulen og hadde så travelt at han ikkje kunne hente dynamitten sjølv.

Og så då Harald og eg var på slakthuset og henta ei ku. Rett framfor domkyrkja la ho seg rett ned og ville ikkje lenger. Ikkje gildt nei, men omsider kom me heim.

Gå,ja. Heile ungeflokken Takle og Hodnesdal kunne gå til «Kved-

navig-skogen» med niste. Slikt kunne berre skje om søndagen. Det var fridag. Kvardagen var plikter og arbeid utanom skulen, som òg var fritid. Ein gong fall eg for freistinga og gjekk på isen utan å spørje om lov. Det var skikkeleg kaldt, og medan eg skeisa i veg, gjekk det ein brest rett under meg. Då var eg sikker på min siste time var komen, men det var heilt som det skulle vera når eg hadde gått i veg utan å spørje om lov.

Vondemannen var eit absolutt reelt begrep. Han budde eit stykke under jorda. Far skaut bort ein stein borte ved skulen. Å du så redd eg var at han skulle koma for langt ned. Eg visste òg, kor eg nå hadde det frå, at vondemannen kunne skapa seg om til ein hund, og når eg gjekk åleine, var eg ofte redd han skulle dukke opp. Hundar var i det heile min store skrekk. Eg måtte ofte gå med beskjed om styremøte. Når eg skulle til Sjøtun, måtte eg forbi hunden hos Eskeland. Var han i band eller var han laus? Å du gru!

Ein stad eg gjekk med største glede, var til Tveit-brørne på Leikvoll. Dei var ugifte, men ei syster som var enkje, stelte huset. Ho Malli Åsland var av same klasse som Maren hans Enevald. Eg vart alltid beden inn og traktert. Slikt minnest ein.

Maren var eit menneske det er godt å tenkje på. Dit var eg med mor og rulla dukar, og så var me med i høyonna. Det tok til slik at før me fekk hest, lånte far hest hos Enevald og betalte med arbeid. Det var varmt og tungt å dra høyet innover og stappa godt i alle krokar. Løa var gamal og tungvint og altfor lita. Men Maren meir enn vog opp slitet.

Ei av same kaliber var Mallina i Lunden på Saude. Der fekk me alltid «krudlakake», men det gjævaste var speleklokka. Det var himmel på jorda å høyre på den. Torgeir, mannen til Mallina var smed og arbeidde i smia på Kleivi.

Kva tid barneforeininga «Den stille bølge» tok til, minnest eg ikkje. Primus motor var fru Myklebust. Dei kom «norante», og han var kyrkje-tenar i Hetland-kyrkja. Nilla Hodnefjell og Maria Eilertsen var òg med på møta. Myklebust budde på Øvre Tasta, og eg trur det var mest der me heldt til. Me sydde sjølvsgagt, men der vart òg lese og sunge. Fru Myklebust spela Harpeleik og song til.

På ein eller annan måte hadde me fått «Allers» i huset, og i alle fall Moste og eg var svært opptekne av føljetongane. Far var ikkje meir enn passe nøgd med eit slikt blad, og samvetet mitt var ikkje heilt bra. Men så ein dag snakka dei vaksne i foreininga om kor vedunderlege forteljingane i «Allers» var. For meg hadde desse damene monopol på å vite kva som var rett og gale, og det å lesa i «Allers» var problemfritt.

Rasmus i Bakken kjøpte ein kommodeduk til Karina, dottera. Men

sjefane tykte ikkje ho var flink nok, så eg fekk oppdraget. Og god tru på meg måtte dei ha, for dei sende meg på eit misjonskurs i Bethania. Dei andre på kurset var skikkeleg vaksne folk. Ei dame som heitte Henny Dons, lærde oss å laga t.d. skåler av prospektkort. Me klypte 5 kantar og sydde saman. Album laga me òg. Permane kledde me med tøy. Det er det eg minnest.

Ein gong det var reisande talar i barnelosjen, sette han seg rett framfor meg. Då me hadde sunge, snudde han seg til meg og sa: «Du synger jo som en nordens nattergal». Ikkje eit ord meir. Og song gjorde me. Far gjekk på kurs og lærde å syngja etter notar. Om kvelden, når han ikkje skulle i eitt eller anna møte, venta han på at eg skulle bli ferdig med det eg hadde å gjera og så lærde me song etter do-re-mi-fa-metoden.

Birgit Aspelund og Anna Heng var dei faste venninnene mine. Å vera tre er ikkje berre lett. Svært ofte var snart den eine, snart den andre utanfor. Då Birgit tok til på middelskulen, vart det mest Anna og eg. Ho visste utruleg mykje meir enn eg om «livets mysterier». Men me hadde to plageånder, Hjørdis og Gunnhild. Hadde me funne oss ein plass der me trudde me kunne prata trygt, så lurde og lytta dei i nærleiken. Kor trøyttande det var!

Anna og eg lærde oss å dansa Pariser-polka i fjøset hjå dei, så då Resi baud meg opp til dans, gjekk eg gladeleg i veg, og fint gjekk det. Men mor, stakkar, hadde det ikkje godt. Ho hadde aldri vore så redd, sa ho, og forundra. Kva slags fest det var, veit eg ikkje, men det var i Bondeungdomslagssalen, og det var i min aller puraste ungdom. Tenk at eg har dansa med Resi!

Ei tid var eg ein god del saman med Dagny Meland. Dei hadde hund, og det var eit mareritt til eg var trygt i hus. Mæland vart rekna for å vera rik. Etter det eg hadde høyrte, tente han pengane på brennevinsut-salg. Når han fall bort, ville det bli slutt på denne retten, og økonomien ville bli skral sjølv om dei hadde gard. Brennevin var fælt, men at dei skulle bli fattige, var verre. Kvar kveld tok eg med i kveldsbøna at så ikkje måtte skje.

Sommar og søndag. Kledd i min beste stas, sommarkjole, kvite sokkar og sko på meg, på veg til Anna og Birgit! Med det same eg passerte huset til Ramsfjell, kjem Laura i full fart og kastar skite vatn frå eit fat rett over meg. Kven som var mest ulukkeleg? Veit ikkje!

Eg skulle få ny kjole til jul. Hos Olsen i Nygata fann mor og eg ein grueleg fin kjole, tynt rosa stoff med kapper og korte armar. Men far var alt anna enn einig i vårt val. Mor måtte bita i det sure eplet, ta meg med



til byen og byta kjolen i ein anstendig ein.

Då eg var komen så langt at eg sydde til meg sjølv, sette eg armar som nådde til albogane i ein brunraud ullkjole. Eg måtte ta armene av og laga heilt lange. Kan ikkje minnast at eg vart sint på far. Det var berre slik.

Det var ikkje heilt utan problem å snakka med folk den fyrste tida på Tasta. Ingen av partane var kjend med andre dialektar. Ein søndag eg var i den inste smia, sat Karen, mor til Margit og smeden Georg, og skrelte poteter. Ho spurde om me hadde mykje eple (d.e. potet). «Å nei», sa eg. «Det er lenge sida me har ete dei opp.»

Og så dei rare namna: Rakel og Sakarias, Halperenne og Kasper, og Hamilton.

Han Ingvald i Myra, eg ser han for meg der han sat i kjerra og nappa i taumane, gifte seg med ei som var mykje yngre. Då ho var gravid langt på veg, kom emissær Foldøy, ein kjend vekkelsestalar, og hadde møte. Ho hadde det travelt heime og var med på møte til langt på natt. Om det var grunnen, veit vel ingen, men nervane slo klikk så dei måtte vaka over henne natt og dag. Ein mann som sat vakt ei natt, hadde lagt seg nedpå og sovna. Då han vakna, sat ho naken til skrevs over han. Enden vart at barnet vart berga, men ho døydde.

Sint, det kunne eg verta på ungane, og då hende det eg klabba. Ein gong eg vaska golv og var komen i bislaget, kom Harald og dalga meg med kongler i baken. Det var vondt. Då det hadde teke seg opp att eit par gonger, tok eg ein soplime som var brukt på det sørpete tunet, og då ansiktet hans stakk fram fram ved kanten av bislagveggen, slo eg til. Det var ein fryd å sjå det sørpete ansiktet, og eg fekk vaska i fred.

Men så hende det som sette ein støkk i meg. Det var framande i bestestova. Eg hadde lyst å vera der inne, men mor sa eg skulle gå ut. Kanskje eg var litt sein å lya. Mor tok meg hardt i armen og førde meg ut gjennom døra. Då tok sinnet meg og eg tok det fyrste eg fekk tak i og reiv til. Hjelpe meg! På Moste si nye kåpa hadde eg flekt heile saumen på det eine ermet. Men ein del klede, mellom dei denne kåpa, vart borne opp på skråkammerset utan at skandalen var oppdaga. Eg fekk smugla med meg nål og tråd, og etter nokre besøk på skråkammerset var saumen sydd. Mange år etterpå då eg kunne snakka om det, fekk eg konstatert at ingen hadde oppdaga det eg hadde gjort. Men hendinga sette støkk i meg, så eg gjekk inn for å styra sinnet mitt.

Ei av dei store lukkestundene i livet hadde eg på basar i Heimlund. Heimlund med spyttbakkar og eit golv etter samkome som «fus ikkje vaska!». Ei fin dokke vart halden i veret, og mitt namn vart lese. Ho som

heldt dokka, ville levere henne til far, som var med på trekkinga. Då sprang eg fram, hoppa opp og treiv dokka og dansa rundt og rundt.

Sykkel var ein draum det ikkje gjekk an å drøyma, langt mindre nemna. Men det utrulege hende. Ein dag stod sykkelen der. Far hadde kjøpt både til seg og meg. Dette var ei av dei store lukkene i livet.

Sjur Årtun var det gildaste mennesket eg visste om. Men ein ting var eit problem for meg, at ein slik mann kunne bruka tobakk. Hos Årtun fekk me ungane vera med i selskap. Trur ikkje det hende andre stader.

Klokkar Indrehus i Randaberg, klokkar Sjøtun i Hetland, Årtun og far spela «hivist». Det var ikkje meg imot om ein av dei svikta. Då måtte eg vera med i staden.

Ei stor oppleving var å køyra bil for fyrste gong. Ein bil med ei dame og ein jentunge stoppa og spurde etter vegen til Åm. Eg fylgde i bilen og viste veg.

Ein stor dag var det då Randaberg-Tasta bilruter opna og me fekk prøvekøyra. Så redde hestane var når dei møtte bil. Køyrekarane måtte oftast hoppa av og halda hesten medan bilen lurte seg forbi.

Ovanfor uthuset stod eit stort asaltre. Like stort som almen litt ovanfor. Asalen var flott å klatre i, og så den mengda med gode bær om hausten. Men stammen kløyvdest langsetter, så det måtte ofrast. Om det var storm eller lyn eller andre årsaker veit eg ikkje.

Mor sakna at ho ikkje hadde lært å sy, og det skulle i alle fall me få, let ho. Det fyrste kurset eg var med i, var i «makrame», eller knyting, som me sa. Det gjekk føre seg i Hetlandsmarka i eit privathus. Kva tid og kven det var som lærte meg å slå nuppereller, har eg ikkje det minste minne om.

Leseappetitten var umåteleg stor. «Mannfolk» av Garborg hadde eg ikkje lov til å lesa, men eg klarte å lure meg til. Eg tok til med «Amtmannens Døtre» av Camilla Collet. Då lo mor, og rett nok, eg gav opp boka temmeleg fort. Det var noko anna med bøkene Anna og eg fann i ein kasse på loftet hjå dei. Eg minnest berre ein tittel: «København ved natt», men det var i den gata alt og ikkje tenkt for oss. Lesne vart dei. Det er utruleg kva ein kan lura seg til.

Eg hadde fått det med å skriva namnet mitt alle stader. Så sa mor heilt turt: «Narren skriver sitt navn allevegne.» Etter det skal eg seie eg har ikkje skriva namnet unødigt.

Han som åtte nabogarden, heitte Kristoffersen og var gartner. Dei var oppi åra og hadde i lengre tid berre makta å bruka litt av jorda. Då far kjøpte garden, var han overgrodd av kveke. Som me grov og brende kvekerøter!

Etter nokre år selde far garden til ein som heitte Loholt. Det var eit barnlaust ektepar frå Stavanger. Dei hadde av og til besøk av nieser og nevøar frå byen. Eg var van med utearbeid, køyrde hesten når far hyppa, leste møkk i hevda kjellaren og leste høy.

Det hende eg var med på høying hos Loholt. Då fekk byungane høyra kor lite dei dugde og kor flink eg var.

Ein gong kom eg til å sjå på at dei åt middag. At det gjekk an å eta så mykje kjøt og så lite poteter...

Ein gong far måtte til byen på eit møte, sette han Harald og meg til å tynne kålrot. Eg sa til Harald: «Tenk om me kunne verta ferdige til far kom heim.» Eg sette i gang, og Harald heldt fylgje. Ferdige vart me, men då far hadde vore ute og sett, rista han på hovudet då han kom inn att. For å halde fylgje med meg hadde Harald rive opp alt. Så måtte me plante i dei forene han hadde rasert. Merkeleg at eg ikkje såg kva han gjorde.

Medan me hadde den andre garden, budde lærarinna, Danilla Teigland, der. Ho hadde sjølvsgt møblar sjølv. Det måtte vera der Anna Seim, Gjertrud på Naustbakken og Johan på Hovland budde. Korleis mor og far kunne skaffa dei mest nødvendige møblar, skjønar eg ikkje. Kan ikkje minnast om alle var der samtidigt. Anna var frå Seimsdalen og sydde hos Marnburg. Gjertrud var frå Vikadalen og gjekk på handelsskolen, trur eg. Det gjorde i alle fall Johan. Han var ein av dei fire syskena på Hovland.

Han og eg slost alltid om ei skei. Når eg dekkja bordet, slikka eg på skeia og la henne på min plass. Han såg sitt snitt til å skylla av henne og legge ho til seg. Så var det min tur å byte om. Slik heldt vi på.

Hans Åsen gjekk på Berg middelskule. Han budde på salen. Det var i den tida Moste var hos oss, og kor me låg alle, skjønar eg ikkje.

Hans var komen ned for å eta og sat inne. Han hadde brukt parfymert hårvatn. Så kom Moste inn: «Har katten vore inne? Fy!» Og så nasa ho kring i alle krær. Ho demonstrerte nok kor forakteleg det var å bruka slikt?

Då eg var 13 år, fekk eg reisa til Sogn. I Luster var eg mest i Åsen og mykje på stølen. Gunhild var budeie. I Vikadalen hadde eg nokre festlege dagar i Viki.

Så skulle eg til Anna i Seimsdalen og fylgde den 18 år gamle bror hennar. Det bles hardt, og besteforeldra hans bad han så pent om ikkje å heise segl. Men han lydde ikkje, og det var nok ein farleg seglas. I Seimsdalen kom folk springande til sjøen.

Der var eg òg på stølen. Etter nokre dagar gjekk eg til dals åleine i tjukk

skodde. Då var faren alvorleg sint på dei som hadde sleppt meg i veg.

Då eg vakna etter ei natt på «dampen» til Brekke, oppdaga eg at fløyelspompaduren med kam og pengar låg att i Åsen. Eg fortalde det til ei kone. Ho fortalde det til trisa og ho til kokken slik at eg fekk middag, og middagen om bord var noko av det verste eg visste. Dessutan gav trisa meg pengar til billetten. I Brekke sprang eg i land, fekk pengar av ein farbror og nådde å levere dei til trisa.

Frå Takle rodde Hans-farbror og Ivar Olav meg nesten til den andre sida av fjorden, der me stoppa «hurtigruta», og eg kravla meg om bord. Hans var der og hadde pompaduren min med. Dersom Berg middeskule var 2-årig, så fylgde eg Hans begge vegar.

Ei tid etter eg kom heim, fekk eg mistanke om at noko gjekk føre seg på hovudet. Eg fann fram «lusakammen» og gjekk for meg sjølv. Eit drag gjennom håret, og det krælte på kammen. Gissa om det vart oppstandelse!

Lærarungar burde vera feilfrie, og var dei ikkje det, måtte dei tukstast til det. Harald fekk juling både for det han gjorde og av og til for slikt han berre hadde fått skulda for. Me slost ofte, men visste eg om noko han kunne få juling for, gjekk eg på nåler og prøvde å skjula det. Når han fekk juling, hadde eg det minst like vondt som han.

Eg minnest berre ein gong eg fekk juling. Ein søndag stod eit stort stykke med pinseliljer i full blom. Eg fekk Anna med meg og plukka alt. Men måndag var det ikkje sjanse til å få selja blomane på torget. Skikkeleg juling vart det. Eg meinte det så godt, og det var bittert. Eg skulle døy, så kunne dei ha det så godt!

På «Fortsettelsen» lærde eg mykje, ikkje minst grammatikk som eg var temmeleg blank i, og Hovda hadde ein stor plass i «hjarta» mitt. Når eg seinare fekk høyra ein del nedsetjande ting om han, skar det i meg. Du så vondt det gjorde.

Solveig Kirkhus var vel 2 år eldre enn eg, men gjekk på «Fortsettelsen» samtidigt. Eg var mykje saman med henne i den tida. Ein dag fann me på at me skulle skofta dei fyrste timane. Det vart rapportert heim, og eg fekk ei skikkeleg skjennepreik. Eg vart forundra over det. Me hadde gjort det berre for «løye».

Eit par gonger var eg med far til byen og høyrde foredrag. Det måtte vel vera i noko som svara til «Folkeakademiet». Den eine gongen var det oberst Angell, den andre gongen Marta Steinsvik. Ho rasa over kato-lisismen. Angell fortalde vel om eitkvart frå alt det han hadde vore med på. Begge gongene var eg forferdeleg nervøs på foredragshaldarane sine vegner.

Eg var nok snill, men slett ikkje feilfri og gjorde ting som plaga samvetet. Medan me hadde den andre garden, stod eg av og til på torget med blomar. Eit par gonger hende det at eg ikkje kunne stå imot, men tok nokre øre og kjøpte sjokolade. Eit halvmoge jordbær freista òg sterkt nokre gonger. Tru om det var grunnen til draumar i seinare år der eg hadde gjort forferdelege ting som eg streva fælt med å skjula.

Me fekk aldri råd til å kjøpa att eit orgel. Det me hadde i Vikadalen, vart selt med tanke på å kjøpa nytt. Far hadde fele, og eg skulle få gå i lære hos lærar Haugen i Randaberg. Men han må ha mistydt og sette meg til orgelet. Eg våga ikkje å seia noko. Dei hadde orgel hos Hodnesdal, og eg skulle få gå og øva der. Det vart visst for komplisert, så det vart ikkje mange gongene eg gjekk.

Ballspelinga på veggen i gangen måtte røyna på mor sitt tolmod, men aldri eit ord.

Det var ikkje ein fant eller ei fente mor ikkje opna døra for,- Tresko-Tina og heile gjengen.

Eg tykte det var trygt og godt heime og ynskte meg ingen ting annleis. Men at me var framande, snakka annleis særleg den fyrste tida, at far hadde sterke meiningar og kom opp i enkelte konflikhtar, trur eg nok skapte ein del kompleks.

*P.S.*

Det var tronge tider i matvegen under 1. verdenskrigen, og poteten var den store trøysta. Mor steikte og steikte potetkaker, og middag hadde me ofte to gonger om dagen.

Om morgonen når me stod opp, sat det ofte ein eller fleire frå byen med sekk under armen: «Om me hadde litt poteter?» Og mor gav. Til slutt hadde me berre skalkar av settepotetene. Det hende nok at mor gav av dei òg. Av og til hende det me fekk tak i fleisk av gris som var fødd på «sydra» like til han vart slakta. Det var noko som lukta, det, når det vart steikt! Og så den grønstripete kvalfeittmargarinen! Grusomt! Det var den som laga min avsky for margarin.

Ein gong var ikkje Bergljot å finna nokon stad. Far vart bodsend på skulen, og det vart sokna i brunnane og leita overalt. Ho låg bak ei kiste på loftet og hørde på alt ståket. Om ho til slutt kom fram av seg sjølv eller me fann henne, minnest eg ikkje.

Eit svakt, svakt minne om at mor låg etter ein fødsel då Bergljot forsvann, og at ho ikkje måtte få vite om det.

Eg låg sjuk i kammerset. Hørde at dei såg eitkvart mystisk inne, og eg eg inn til vindauga. Ein avlang rund tingest såg ut som han kraup

langs konturen av Ullanhaug. Det var ein tysk Zeppelinar som datt ned ute ved Hafrsfjord. Folk valfarta og fekk med seg større og mindre stykke av duken, og dei vart brukt til mangt. Me hadde verkeleg eit par småstykke me òg.

# Bergljot

## Vikadalen, Årdal

Her kom eg til verda den 17.6.1911. Lita og spinkel, men aktiv og lett å få mat i. Mor har fortalt om kor folk ynka seg over dette vesle kreket. Per Bjørkum vandra mykje hjå oss. Også han ynka seg over meg, men mor tok det for erting. Det står for meg at han låg på benken og leika seg med meg. Han kalla meg for «Fant-Inga Svartauga», og då var det ei som synte temperamentet sitt (etter mors utsegn)!

Reisa frå Vikadalen. Eg minnest at me skulle om bord i ein båt ute på sjøen. Der fekk me plass i eit rom med runde vindaugo. Eg låg på magen på ei «hylla» og kunne sjå ut gjennom ei av dei. Og der ute på sjøen sigla landet framom oss. Eg var sikker på at det var me som låg stille. For eit underleg land!

## Til Tasta

Huset me kom til på Tasta hadde to stover, ei på om lag 18 kv.m og ei på om lag 14 kv.m og eit kammers på 10 kv.m, kjøken og gang med innbygd trapp til loftet. Under trappa var «Mørkaburet» med ei mindre dør frå gangen. Der inne hang arbeidsklær, og der stod skor m.m., og arbeidsklede som skulle vaskast, vart kasta inn der. Treskorne stod i «byslaget».

På loftet var den eine halvdelen ikkje innreidd. Den kalla me «Svåli». Der stod alle kistene. I dei låg sengetøy og dukar og anna som hørde utstyret til. Der var snorer for klesturking. Også ein separatorfot stod der. Den andre delen av loftet var delt i ein sal på midten og eit rom med skråtak på kvar side. Det eine hadde dør inn til salen. Det andre dør ut til Svåli. Her var det plass for bestekleda og mangt anna. Salen og det andre skrårommet var sengerom. Mor og far og minstebarnet låg i kammeret nede. Me låg to i kvar seng.

Brita moste, eller Moste, som alle sa, var hjå oss frå me kom til Tasta og til Lars morbror-kona døydde i 1923.

Moste hadde først og fremst ansvar for dyra. Elles var ho med på alt. Etter nokre år kjøpte far den 20 mål store grannegerden. Lærarjorda var på 10 mål. Å stella 30 mål jord vart sjølv sagt for drygt for far, som hadde full dags skule kvar dag heile veka. Huset vart utleigd til lærarina Danilla Teigland og til andre som gjekk på skule i byen, helst kjenningar frå Sogn.

Garden var overgrodd av ugras. Me måtte rensa molda for kvekerøter før me kunne planta. Tomatar dyrka me i eit drivhus som stod der. Påske og pinseliljer var det ei mengd av, også rips og solbær. Moste var sjølvstekt til uvurderleg hjelp i den tida. Ho køyrde til byen med mjølk og stod ofte på torget med andre varer.

Mor hadde nok med barnestell og matlaging. Ikkje minst arbeid var det med vask og stell og vøling av klede, og spøting og stopping av sokkar. Måltida var faste og retta seg etter skuletidene. Far og dei ungane som gjekk på skulen, kom heim til middag kl. 12. Mellommaten var kl. 4. Ved bordet hadde me faste plassar. Den yngste som var stor nok til det, las bordbøna. Etter skuletid hadde far ein kort kvil på «sla-benken» i stova. Ungane leika seg rundt omkring, ja av og til var dei oppå han og, utan at han let seg uroa av det. Fraus han på føtene, tok han ein av småungane og dansa rundt på golvet. Slik lærde me oss stega til både vals og reinlender i tidleg alder.

For å kunne bu er det viktig med vasstilførsel. I den nye heimen vår var det ein brunn i kjellaren, men det vatnet bruka me ikkje til drikkevatt. Det vatnet tok me i ein brunn som låg nede ved hovudvegen. Alt vatnet frå kjøken rann i ei røyr frå vasken ut i ei tønne som stod halvt nedgravd i kroken mellom bislag og kjøkenveggen. Herifrå rann vatnet i ei steinsett veit ned til grøfta langs hovudvegen. Nokre meter frå denne veita låg brunnen som me brukte mest. Den vart ikkje tom om det var turke-periodar. Men kor tett var kloakkveita? I alle fall vart det grave ein brunn oppunder Varden, og da vart det nok trykk til at også skulen fekk vatn, og me fekk kran både på kjøken og i kjellaren.

I kjøken var det ein utslagsvask av jern. Over den, på veggen, var varmtvasskjelen der vatnet vart påfylt med ause. I rommet under vasken stod golvbøtta med golvkluten av strie. Kluten vart brukt til å turke opp om noe var søla på golvet. Den kunne nok bli «sur».

Oppvasken delte me mellom oss. Vaska, turka og pussa knivane med kork eller klut og pimpstein. Knivpussing lika eg ikkje, men knivane kunne bli fine når me gjorde oss føre.

Kokekara var av jern og aluminium. Steikelsen blei best når den var laga i den vesle rundbotna jerngryta. Oppskrift: Små terningar av fleisk med mykje kjøt i vart surra til det kom ut godt med feitt. Spe så med ei røre av mjølk, egg og mjøl. Surr det godt. Skal stå og putre som ein graut. Som oftast vart det eit godt lag feitt oppå. Smakar godt og er fort å laga.

Den første verdskrigen var komen vel i gang før me kom til Tasta, og den vara i 4 år. På slutten av krigen kom Spanskesykja til landet, og



den spreidde seg utruleg fort. Hjø oss var det berre moster som gjekk fri. Far gjekk på låven og «drøfta» korn så sveitten rann, og slik gjekk han fri. Eg vart liggande i 12 veker. Ein svull på magen viste at eg hadde betennelse ein eller annan stad innvortes. Om eg hadde vondt, hugsar eg ikkje, men eg var fælt slapp. Eg låg på Salen nerast omnen som stod like innfor døra. Det blei fyr i den når eg skulle stellast. Ekstra strev var det nok med meg. Eg undrast på kva eg gjorde alle desse vekene? Eg samla på appelsinpapir i alle fall. Det var fine bilete på dei, og eg klappa og strauk dei.

Den første dagen eg var oppe, hadde eg vanskeleg for å gå og for å snakka. Eg stamma. Smått i senn kvikna eg til og kom på skulen att, i den same klassen som før. Det var ikkje bare lett. Verst var det å lesa.

I den tida Spanskesykja gjekk, var det mange i bygda som ikkje overlevde. Kvar dag kunne me sjå i avisene om dødsfall, og mange me kjende. Tasta hørde til Hetland kommune og Vår Frues Prestegjeld. Kyrkja låg i austre bydel. Eit gravferdsfylgje kunne ha 7-8 km å køyre. Somme gjekk. Det hende at mor og spedbarn låg i same kiste.

Far fekk i gang I.O.G.T. barnelosje. Der var me sjølv sagt med så snart me var gamle nok. Folkeviseleik var lovleg der, og eitt år kom det i gang eit kurs. På lærarskulen hadde far og mor hatt Hulda Garborg på eit leikkurs. Ho hadde vore på Færøyane og lært dansen der nett då. Mor synte oss stega til Per Spelemann og nokre andre songar.

Teodor Hovda og brørne hans var med i losjen. Teodor var umåteleg flink å teikne. Når han hadde «avisa», var det meir teikning enn skrivning. Men han var flink til å skriva også. Me laga sketsjar og fann på mangt til tidtrøyte, t.d. «Fargespelet».

### **Leikar:**

Dokker, med syng av klede.

Teikning av papirdokker. Ferdigtrykte papirdokker

Samla etikettar frå hermetikkindustrien. Samla glansbilete.

Ball-leikar ute: langball, brennball ronball, veggball, nummerball, hueball.

### **Andre uteleikar:**

Hoppe tau på mange måtar.

### **Gøymeleikar:**

«Trebonius»

Slå på ringen  
Siste par ut.

#### **Andre:**

Jeg gikk en tur i lunden  
Sju vakre jenter i en ring  
Hoppe kroken: Me sat på huk og strekte føtene skiftevis fram for kvart hopp. I «lausdans» innan folkedansen vert denne øvinga bruka.

Hoppa på baken: Me sat på baken med krosslagde armar og hoppa fram så godt me kunne. Gjerne fleire i lag rundt bordet i stova.

På dagar med kramsnø kunne det vera både snøballkrig og snøvasking mellom oss ungane i grannelaget. Ei hending minnest eg godt: Ingebjørg var både sterk og uredd til jenta å vera. Ein dag hadde Johannes Ramsfjell fått overtaket på Borgny. Då var ikkje Ingebjørg sein om å vera på staden og få Borgny fri. Ikkje nok med det, men Johannes fekk ein real omgang med snøvasking og kom seg heimover i ein fart.

Snømenn var det stas å laga. Dei vart ståande etter at snøen var borte. Snøhus med lys i var også fint. Men gildast var det når det var kjelkeføre og når isen låg trygt på store Stokkavatnet. Tenk å koma heilt ut til Holmen! Litt uhygge var det når isen slo sprekker, men det kunne han gjera om isen var aldri så tjukk.

#### **Småhendingar frå «bruket»**

Buskapen var som oftest 4 kyr, 2 griser og 10-20 høner. Kattane var det alltid varierende tal på. Ein gong var ein katt komen i landkummen. Eg fekk jobben med å ta han opp att. Einkvan heldt meg fast på kummekanten medan eg fiska han opp. Det måtte storvask til både meg og katten.

Klukkhone var ikkje moster sine beste vener. Dei var fæle til å stikka seg av og laga reir på dei utrulegaste stader. Eg lærde meg til etter kvart å ta dei på ein eigen måte, gjekk baklengs inn på dei og fekk tak på dei over ryggen. Så laga me reirkasse til dei så dei kunne klekka ut kyllingane i fred. Det var alltid spennande når kyllingane kom krypende ut av eggeskalet.

#### **Albuma og bileta:**

Mor og far hadde ei fin samling av bilete frå skulane dei hadde gått på, og av slekt og vener. Bileta var fint sette inn i album, 2 eller 3. Albuma

var vatterte og hadde doble blad der kvart bilete vart ståande som i ei råma. Så fine album er det vanskeleg å få i dag. Eg nemner dette fordi det var mi skuld at dei vart øydelagde. Eg var ikkje så stor at eg kunne gå, men krypa kunne eg. Me hadde fått påbygt ei stova i lærarbustaden. For å få meg til å sova litt midt på dagen, la dei ei dyne inn på nystovegolvet og sette meg der. Til vanleg gjekk det fint. Mor hadde eit øyra med meg og tykte det vart mystisk stille. Då ho glytte på døra, sat eg med albuma, og bileta flytande omkring meg. Albuma var like fine utanpå, men øydelagde inni. Dei blei likevel med til Tasta, men ikkje sette i stand att. Desse bileta fortalde så mangt: om klede, hattar, hårfasong og om bunadane dei hadde. Det var tilnærma hardangerbunad som vart mest brukt. Arbeidet med å finna fram att dei gamle bygdedraktene var ikkje kome i gang, stort sett.

Far stod i så flott gymnastikkdrakt saman med kameratane. Ein feiande flott kar. Eg undrast på at dei hadde råd til å skaffe seg slike klede: kvit langbukse med flott sjal rundt livet.

Det vart fortalt mykje frå dei skuleåra til oss. Særleg var det mor som fortalde. Døme: Seint ein kald, mørk vinterkveld kom ein flokk gutar springande, med stor sjau og spetakkel, på veg til elva for å bada. Me fekk inntrykk av at far var ein hardhausing i slike ting. Også i turning. Forteljinga verka sikkert slik på oss at me ville prøva oss på noko liknande.

Me sette opp stenger og staurar mellom epletra vest for huset. Der gjorde me mangt eit rundkast.

Far hadde ei båra, ein avlang kasse med to handtak i kvar ende. To mann måtte til for å bruke den. For oss var den fin som hoppereiskap. Sett på kant hoppa me mellomsprang og sidesprang over den. Me fann også på å ta båra med inn i gangen. Der rakk ho tvers over. Stille vart det ikkje! At me fekk lov!!!

Hoppa bukk over kvarandre var også gildt. Me stod i rad og rekkje og hoppa så fort me kunne så den bak ikkje skulle nå oss.

12 år gamal fekk eg vera med i Stavanger turnforening. Bergljot Djøseland var med der frå før, og hadde fått fullt utstyr: svart bukse-skjørt og kvit bluse med fire F-ar på. Eg fekk låna hennar klede å sjå etter då eg sydde utstyr til meg sjølv. Den første øvingsdagen var eg svært spent på. Ville eg bli godteken av byjentene, og kunne eg makte øvingane godt nok? Etter kvart gjekk det bra med både det eine og det andre. Framsyningar vart det ikkje så mange av for oss yngste, men ein dag var det framsyning av alle gruppene i turnhallen. Det var ei ny oppleving for meg. Sidan kom 17. mai med marsj i gatene etter musikk!! Me følte oss

som sirkushestar!

Far hadde eit lite mannskor, der kjenningar og vener var med. Dei heldt til i bestestova heime. Me ungene syntest det var spennande greier. Me sette oss på golvet like inntil døra. Slik lærde me både songane og dei ulike stemmene. Dette var etter at far hadde vore på eit sangkurs for lærarar. Der hadde han lært å synge etter «solfesimetoden» - do-re-mi osv.

Heimkomen øvde han med oss ungene, og det gjekk fint. Det var ei god øving før han prøvde seg på elevane i skulen. Med den metoden lærde me oss fleire songar. Ein av dei var:»Sov du lille spire ung, ennu er det vinter.» I mannskoret hadde dei: Huldra og Ellan, Tidt eg minnest ein gamal gard, og mange andre.

Noen av dei som var med i koret: Åsland, Motland, Sjøtun, Ramsfjell.

Til dyra hadde me sjølv sagt eit uthus. Det stod i nord-sør-retning. Jorda halla på den same måten slik at låa hadde høg grunnmur i sør, medan den nordre enden stod heilt på bakken. I sør var landkummen og ein møkkakjellar. Oppå var det plass for høns og griser. Døra på vestre langside gjekk inn til vedskålen. Innafor der var fjøset. Kyrne måtte gå gjennom skålen når dei skulle inn eller ut. Utedoet var rett innfor døra til høgre. Over alt dette var tak som tente som golv i høystålet. Låven låg to steg høgare enn golvet i vedskålen. Dermed vart det eit op mellom låvegolv og bakken under på ca. 40 cm. Dette var ein fin gøyme plass for kattar med ungar og for klukk høner på reir. Dit kom berre den som var liten. Slik var me ungene gode å ha.

Ei låg låvebru kom opp til ei dobbeldør og gjekk fram og inn på køyrebana langs fjøsveggen. Høy og korn vart køyrt inn her. Høyet vart gafla fra lasset opp i høystålet heilt frå første lass. Og så var det å dra høyet vidare innover i høystålet med berre hendene. Som oftast var dette barnarbeid. Slett ikkje lett! Men me kunne ta så mykje eller lite me orka. På venstre side av køyrebana var det plass for kornet og andre ting, t.d. kraftfor. Hest og vogn måtte ryggast ut att.

Lærarjorda på 10 mål vart vel utnytta. Den låg i sørhallinga ned frå «Varden». Ein del øvst oppe var svært knauset. Berget var laust og forma som hyller og framspring som eigna seg svært godt til leikestover. Rundt omkring var ein fin skoglund av bjørk, rogn, osp, eik ask, nyperoser og mange andre busker. Her var også ein heil del påskeliljer. Lærarjorda var ein del av lærarløna.

Avlinga: Til 4 kyr trongst ein god del høy. Markene var fulle av småstein. Det tykte me ungene lite om, for kvar vår måtte me ut og plukka stein. Me dyrka masse poteter. Dei skulle vera både til sal, til dyra og

til oss sjølve. Å få jorda i orden for settinga kunne vera ein strid mot ver og vind. Det hende me ikkje hadde hest til hyppinga. Då fekk me ungene vera hestar. Setting av poteter og overgraving vart alltid gjort for hand. Sidan var det luking. Opptaket kunne vera ei hard onn, for veret om hausten skifta fort millom regn, vind og kulde. Til opptaket bruka me grev eller greip. Potetene vart tømde i ein haug utfor kjellarnedgangen. Derifrå bar me dei bømtevis inn i kjellaren.

Kålrota vart lagd i haug ute på åkeren.

Elles hadde me jordbær, erter, solbær, rips, stikkelsbær, epler, plommer og kirsebær. I seinare år vart potetene pløgde opp. Ei slik plogfor var lett å rote utover så me fekk tak i potetene.

### År 1921. Tur til Sogn.

Harald og eg fekk vera med far og mor på ein lang tur. Forventninga var stor. Med nattrutra kom me til Bergen og tok inn på Hordaheimen. Om dagen såg me mykje rart og fint. Det Hanseatiske huset gjorde eit mektigt inntrykk på meg. Tenk at dei hadde falske lodd når dei kjøpte fisk hjå nordlendingane som var komne den lange vegen. Og dei hadde senger med dører for, og i den var det luka så dei kunne få mat inn til seg. Liggande i senga kunne dei også ha samtalar med andre handelsmenn. Då me skulle attende til hotellet, slo Harald seg vrang. Far måtte snakka til han, men då grein han høgt. Eg skjemdest av han. Dagen etter var me ein tur til Lille-Bergen til halvbror hans far. Det eg minnest best frå den turen, var sonen Gunnar som sa namnet mitt så fint, så fint som eg aldri hadde høyrte det før. Eg, som hadde mislika det tungvinte namnet mitt så sterkt at eg ville ha gitt mykje for å få det skifta ut. Og nå fekk eg høyra at det var eit vakkert namn.

Neste stopp var Brekke. Der stod dei klar til ein stølstur då me kom, og eg fekk lov å vera med. Det var reine eventyret for meg. Turen opp med ein kløvhest, stølshusa, kulokkinga, alt var merkverdigt. Berre ein ting gjekk gale. Straks dei var ferdige med kveldsmjølkinga, kom dei med ein stor kopp lunka mjølk til meg. Kva skulle eg gjera? Kuvarm mjølk var det verste dei kunne by meg. Korleis det gjekk, minnest eg ikkje. Fekk eg mjølka i meg smått i senn, tømde eg na ut, eller forstod bu-deia at eg ikkje var van med slik fersk mjølk?

I kveldinga lokka budeiene på kyrne, og det gjorde dei svært vakkert. Det var sjølv sagt noko eg aldri hadde høyrte før. På Takle var det gildt å helsa på bestemor, først og fremst. Denne vesle gamle dama, som far sa De og Dykk til. Det forundra meg svært. Det

kunne ikkje falle meg inn å tiltale far og mor slik. Bestemor var på denne tid 81 år. Ho var med i høyonna og raka.

Turen gjekk vidare til Luster. Der vart me henta med hest og kjerre av dei på Saude, og så køyrde me til Åsen. Der vart me hjarteleg velkomne. Det verka som om alle gjekk frå arbeidet dei heldt på med ute, og kom inn for å snakke med framandfolket.

Der var det dekkja bord med mat som smaka meg ypparleg. Han Torgeir morbror hadde ei kvit trøye på seg. Det tykte eg var rart. Han var etter meg med å seia han skulle ta meg, Eg var redd han, faktisk. Men mor trøysta meg med at han berre erta meg. Lenge var det ikkje før me var gode vener. Den gode, kvite geitosten var fin å lokka med. Han skar tjukke skiver og gav meg ut gjennom kjøkenglaset i «Torgeirgarden» etter at me kom til Saude. Tida gjekk fælt så fort. Eg kan ikkje seia kor lenge me var på dei ymse stadene. Me var i alle fall innom på Lavollane og snakka med Johannes med det store skjegget. På Heri var me også innom.

## Skulen

Det vil for dei aller fleste born vera spenning framfor den første skuledagen. Så også for meg. I småskulen var Danilla Teigland lærarinna. Me sat to og to på kvar pult. Det hadde litt å seia kven me vart sitjande saman med. Kvifor eg flytte meg til ein ledig pult bakerst, kan eg ikkje hugsa. Det var vel først og fremst for å gi plass til ei som kom etter meg, og for at eg ikkje var nøgd med den eg sat attmed. Ho som så vart sitjande attmed meg, var Ingrid Pallesen. Ho måtte gå om att i denne klassen. I ein skrivetime dunka ho i armen min så det vart ein ekstra strek i boka mi. Eg vart arg og gav henne ein puff tilbake. Det såg Teigland og bad meg stå ved sida av pulten. Det var ingen angrande syndar som stod der. Dette var urettferdige! Det var Ingrid som dunka først. Ho skulle ha hatt straffa, og ikkje eg. Eg innsåg ikkje at eg og hadde mitt å stå til rette for.

Elles lika eg meg godt i skulen og hadde mange gode dagar der, skjølv om det også kom motgang.

Frå 4. klasse hadde eg Ole Pedersen til lærar. Seinare tok han namnet O.E.Resi.

Desse siste fire skuleåra var noko for seg sjølv. Me fekk lekser og vart overhøyrde, men fekk aldri noka gjennomgåing av stoffet. I rekning gjekk han gjennom det som stod i rekneboka. Han var flink å teikne sjølv. Etter eit teiknekurs teikna han ein stor stråhatt på tavla. Den var sikkert god, med perspektiv og skyggelegging og alt som til skulle. Den

vart ståande i lang tid. Men blei han irritert på einkvan, gjekk han laus med risting og hiving på vedkomande og ut på gangen bar det i ein fart. Me sat vettskremde.

Han var ikkje alltid på bøljelengd med far. Far let ungane sitja inne til dei hadde ete maten sin. Skuleturar var Resi imot - dersom han sjølv ikkje hadde bestemt turen. Ein gong høvde det slik at vår klasse måtte vera att på skulen. Dei andre var ute og såg på sildefisket i Tananger. I matpausen gjorde gutane våre reine opprøret. Armand Guttormsen vart bunden fast til gjerdet. Jentene stengde seg inne på do. Gutane kasta stein på dørene. Jentene kom seg ut og tok på sprang utover vegen med steinkastande gutar etter seg. Då tida var ute for matpausen og Resi kom ut og bles i fløyta, var det berre Bergljot Hodnesdal og eg og nokre til som var på plass. Bergljot og eg hadde vore heime til middag. Gutane kom etter kvart. Men jentene var langt uti vegen. Harald Lye vart send etter dei. Langt om lenge var klassen samla, og jentene fekk ein kraftig reprimande fordi dei hadde gått ut av skulegarden. Denne gongen slapp gutane lett.

Jentene på Tasta skule fekk skulekjøken i 6. og 7. klasse. Det var stas! Kvitt forkle og snipp. Laga mat som me sjølv fekk eta. Me hadde vedkomfyr. Kokekar av aluminium smurde me med grønsåpe under botnen før bruk. Da var det lett å få kokekara reine etterpå.

Dette er noko av det eg minnest fra barndomstida mi.

## *Hjørdis Urdahl, fødd i Vikadalen i Årdal i Sogn 22 september 1913*

### **Minne frå barneår på Tasta**

21 mai 1915 kom lærarfamilien Takle til Stavanger og blei tekne i mot av smeden på Tasta, som vistnok var formann i skuletilsynet. Han møtte med hest og langkjerre.

Mor var 31 1/2 år, far 32. Kirstina 8 år 22 mai, Harald 6 år 10 mai, Bergljot 4 år 17 juni og eg skulle bli 2 år 22 sept.

Undrest på korleis vi tok oss ut, etter ei lang reis, frå Vikadalen, med båt til Bergen, og så natruta til Stavanger?

Så stod vi der på kaien og skulle ta fatt på siste biten, ca. 4 km ut til ein tom og ukjend lærarbustad på Tasta. Skulle ønske eg hadde film av det! Fekk noen sitte på lasset? Var eg i barnevogna?

Lærarbustaden låg i ei svak sørhelling midt i eit jordstykke på ca. 10 mål. Oppover enda jorda i eit høgdedrag i nord, Varden. Sørskråning- en av den høyrde til lærarjorda. Der voks det fleire slags tre, og der var fine leikeplasser for oss ungane. Oppå Varden såg vi byfjorden, og øyar og fjell innover i Ryfylke. Mot sør såg vi store Stokkavatnet, vi såg Ullanhaug, og sørafor der låg Hafrsfjord. Byen låg ikkje langt unna, men Veten stengde for utsynet dit.

Huset vårt hadde to stuer mot sør, kammers med vindu mot vest, inngang med gang og kjøken mot nord. I gangen var det vegg med dør og trapp opp til loftet og ei lita dør til eit rom under trappa. Halve loftet var det vi kalla «Svåli». Den andre halvdelan var delt i eit midtrom med ei dør til eit rom med skråtak. På den andre sida var det òg eit rom med skråtak med dør ut til Svåli.

Kjøken var ikkje noe å skrøyte av. Der var ein mørk jernvask, komfyr, for fyring med ved og kol, og så benk og litt skåp. Så langt attende eg kan minnast, trur eg der var ei pumpe for vatn. Vi fekk ein varmtvass-beholdar over vasken. Den måtte fyllast for hand. Ein gong ein kamerat til Harald skulle sjå om det var fullt, blei han hangande fast med haka på kanten. Eg trur det mangla jording, så heilt ufarleg var beholdaren nok ikkje. Kan hende det var den opplevinga som gjorde at kameraten seinare utdanna seg til elektrikar. Når eg tenker på kjøken, er det to ting som verkar nedstemmande: den stygge vasken og knivpussinga etter middagen. Vi hadde ikkje rustfrie knivar til kvardags og måtte pussa knivane kvar dag, med pimpestein og kork eller klut.



Under huset var det kjellar. Ei steintrapp med fleire trinn var einaste inngang. Innerst i kjellaren var eit stort potetrom, og eit skåp for saft og syltetøy. Elles var kjellaren eit rom med kokering for den store gryta og ein brønn. Far fekk seinare lagt inn springvatn både på kjøken og i kjellaren.

Så langt eg kan minnast hadde vi både hest, kyr, gris og høns. Eg trur ikkje det var innlagt vatn i uthuset, så dei bar nok vatnet til dyra frå kjellaren. Det måtte vera nifst om vinteren når det var hálke og is i trap-pene.

I tunet vårt var det ein støttemur mot bakken. Ovafor muren var det ei rad med store kirsebærtre. Det var spennande å klatre etter kirsebær når dei var modne.

Frå tunet var det ca. 100 m ned til hovudvegen. Der nede hadde vi ein brønn som aldri var tom. Der nede skylla vi klevasken, og alle saft-flaskene blei gjort reine der om sommaren. Og så mange flasker! Med dobbel hyssing fekk vi lurt opp korkar som var komne nedi, og for å få flaskene reine og blanke måtte vi riste dei med rein sand og vatn, og så skylle til dei var heilt reine og fri for sand. Vi var mange, og vi hadde mange bærbusker.

Mine første minne frå Tasta: kanondrønn fra havet! Det var krig. Og så minnest eg likfølge, svarte hestar og svart likvogn, og svartkledde folk i kjerrer eller gåande. Ein gong sa dei det var mor og barn i same kista. Eg kan ikkje minnast om eg var sjuk av spanskesykja.

Som lita jente syntest eg det var stas å sitte nede ved veien og sjå på dei som køyrde til byen om laurdagane, og når dei kom utover att sia på dagen. Noen hestar såg ut som dei hadde travelt med å komme seg heim, andre tok det meir med ro.

I kveldinga kom han som alltid drakk seg full i byen. Vi hørde han langt inni veien. Han skraula og song, og jaga på hesten, og for i full fart forbi. Stakkars hesten!

Eg lika veldigt godt å springe da eg var lita. Synest enno eg kjenner kor frydefullt det var å galoppere i ein fast rytme, helst med eitt eller anna eg kunne dra etter meg, ein trebit eller anna, i ein lang hyssing.

Ein gong hadde mor halssvull. Eg skulle gi mor godnattklemmen. Men nei å nei! Mor var så bleik, og så tynn i kinna, og så trist i augene.

Eg gjekk på loftet og kraup til sengs, folda hendene og bad til Gud: «Fader vår, du som er i himmelen. Du ser vel at mor har det vondt? Svullen er så stor at ho kan ikkje få i seg mat. Du må hjelpe mor. Kan du ikkje få hol på den svullen i natt?»

Det blei morgon. Eg vakna. Svullen! Mor! Fort — ned trappene,

gjennom kjøken og stua og ut i kammerset. Mor smiler! «Har det gått hol på svullen?» «Ja.» Så glad som eg var! Og det kom spontant: «Mor — det kan du takke meg for!» Eg trur mor forstod.

Eg står på trappa og stirer mot nord. Det lyser frå kjøkenlaset, men himmelen er mørk. Kirsebærtrea spriker med nakne greiner. «Kva er det du står og ser etter?» Det er mor som er i døra. «Eg ser etter den blanke Ø-en». «Ø-en?» «Ja, den som lyser yttarst mot norden». «Kom inn, og stå ikkje her og frys,» seier mor, og så fortel ho om eit land, ei øy, som ligg langt uti havet — Island. Eg får høyre om folk som reiste frå Norge for å finne ein annan stad å bu. Og så fann dei eit land med vulkanar, isbrear og sprutande varmt vatn og grønt gras.

Men for meg lyser Ø-en over øya den dag i dag.

Det var altså ingen bokstav, men eit underleg land. Var det sant? Jo, når mor sa det, måtte det vera sant. Men den blinke Øen — den stod over eit land langt uti havet.

I daglegstua hadde vi ein benk som kunne trekkast ut så han blei ei dobbelseng. Minnest at eg låg der og hørde far hadde øving med mannskoret sitt, i bestestua. Det var så fint å høyre på, og å somne til. Eg var vel i 13-årsalderen da eg fekk bli med og synge eit lite soloparti i mannskoret. Det var frå «Nyss munde det regna så såre». Solopartiet gjekk høgt: «Regn og vind, sorg i sinn, gråt i auga, du som hever den hugen så lett.» Ei fin oppleving å stå der med dei vaksne mennene og synge. Synest eg hører basane som avløyste meg: «Om det regnar og snor, om det stormar av nord, uti hugen så leikar dine ord», og så tenorane med den same teksten. Herleg!

### **Grasdokker og dukkeliser**

Vi hadde ikkje mange kjøpte leiker, men vi laga ein del sjølv. Om våren fann vi ein type gras som vi laga dokker av. Det graset var så mjukt og fint. Tok ein passeleg bunt gras. Med hyssing knytte vi for der halsen skulle vera, tok ut armar og knytte ved handa, og knytte rundt livet. På jentedokker fletta vi fletter. Skulle det vera gut, delte vi for føter, og knytte nede ved foten. Dette var utedokker. Vi tok dei aldri inn.

Men inne teikna vi dukkeliser, klypte dei ut og laga klede til dei. Det innvendige av brukte konvoluttar var populært. Dei kunne ha farge, ruter m.m., og noen konvoluttar hadde silkefor. Det brukte vi til finkjolar. Eg likte å ha mange dukkeliser. Bergljot brydde seg ikkje om å ha så

mange, men ho laga sine så fine. Av og til hadde vi vekeblad med dukkeliser i. Den som var først ute, fekk klyppa dei ut.

På svåli hadde far noen kassar med bøker. Dei lånte eg av, la dei utover på golvet der oppe og leika det var hus med mange rom. Fin innbinding var fine golv. Tomme blekkhus og andre småting var folk. Eg hadde eit firkanta blekkhus som var herren i huset. Det minte meg litt om lærar Indrehus i Randaberg. Han var litt firskoren, med koseleg skjegg. Det var slik ro og hygge med den mannen. Når han og far sat og prata, var eg musestill og berre lytta.

Far skulle på skulen og desinfisere lærebøker. Eg fekk lov å bli med. Det var kveld og mørkt ute. Godt å ha ei hand å halde i, men litt redd var eg likevel. «Er du redd, far?» «Nei.» Tru om han ikkje måtte vera litt redd han òg? Stor, tom skule. Rar, sterk lyd for kvart steg vi tok oppover trappa til 2. etasje. Far strekker snorer tvers over rommet. Eg hjelper til. Så henger vi bøkene overskrevet på snorene, mange bøker! Til slutt ordnar far det som skal desinfisere bøkene, og så går vi heim. Da er eg ikkje så redd lenger, om det er mørkt.

Etter kvart som eg blei meir lesedyktig, voks interessa for bøker. Far sørga for bøker til skulebiblioteket. Det var ein fryd å vera med når nye bokassar blei opna. Lukta av nye bøker — den var spesiell. Og å få opna ei ny bok som ingen andre hadde opna før! Bøkene var mest som levande vesen. Det gjorde vondt å sjå ei bok som låg med innmaten mot bordet, eller som var bretta dobbel den galne vegen.

Da eg blei større, lånte eg bøker i folkebiblioteket i Stavanger. Biblioteket låg oppe ved Petri kyrkja. Først på mi liste stod Borgarættens saga fra Island. Det var spennande å gå på biblioteket. Det var ein forfattar som var sjef der: Jens Tvedt. Tenk å vera forfattar! Tenk å kunna skriva heile bøker! Det måtte vera toppen av alt!

### **Næraste naboane våre**

Mot vest låg skulehuset og ein litt stor lærarbustad. Der budde lærar Hodnesdal m/fam. Han hadde 5 døtrer. Og der budde lærar Resi og ei lærarinne. Begge var ugifte. Like over vegen for skulen låg ungdomshuset Heimlund, og der møttest gamlevegen og nyvegen. Eit lite stykke ned i gamlevegen låg garden til Enevald og Maren Evensen, og gamlefar Sakarias. Dei var barnlause. Eg minnest Enevald som ein mager, still mann som snakka lite, — i alle fall til meg. Men Maren var triveleg og blid, og alltid venleg mot oss born. Eg har eit minne, som eg i ettertid skammar

meg over, men som viser kor barnemild Maren var: Eg syntest det var så fine blomster på potetplantene hos dei. Eg plukka ein fin bukett og gjekk bort og banka på. Maren kom ut. «Vil du kjøpe blomster?» «Ka koste de?» «10 øre.» Jo, Maren henta 10 øre og var berre smil. Eg var nok lita den gongen ja.

Næraste nabo i sør var gartnaren Åsmund Ramsfjell med kona Laurence og fire born, to gutar og to jenter. Dei hadde ein jordbit på ca. 13 mål, berre litt større enn lærarjorda vår. Det var kjekke naboar.

Som barn hadde Ramsfjell hatt ein sjukdom som hadde stoppa veksten i armane hans, så dei nådde ikkje lenger enn til hofta. Han var elles ein vanleg høg mann, og heller litt firskoren og kraftig. Laura, som alle til vanleg kalla henne, var lita og tynn, og alltid i farten. Dei hadde ikkje innlagt vatn. Brønnen låg slik til at vi kunne sjå når dei henta vatn. Og Laura sprang, både når ho kom med den tomme bøtta, og når bøtta var full, og det var mange gonger for dagen. Dei dreiv med blomster, rabarbra, tomat og bær, og sikkert fleire ting som eg ikkje minnest lenger. Dei selde varene sine på torget i Stavanger, og kvelden før torgdag hadde dei det ekstra travelt med å ordne lasset, for dei måtte tidleg av stad neste morgon. Vi var glad når dei kom heim med tom kjerre, for da hadde det vore godt sal.

Da eg var i 12-årsalderen plukka eg ein del ripsbær hos Ramsfjell og tente noen kroner på det. Eg hadde gode negler og kneip av stilken utan å få med lauv. Han måtte vera nøgd med arbeidet mitt, for som oftast spurde han om eg kunne koma att. Eg plukka i avlange korger, med hank på midten. Korga romma vel ca. 3-4 liter, trur eg.

Aust for oss låg også ein liten gard. Noen år var far eigar av den. Det var nok i den tida Brita moster var hos oss. Ho var eit arbeidsmenneske, og kunne greie opp med kva det skulle vera. Den garden hadde skifta eigar, men dei eg minnest, var ekteparet Håland fra Stavanger. Dei var barnlause. Eg lika å gå med telefonbod til dei. Fru Håland gav meg alltid ein smultring, og hennar ringar var annleis enn våre, — dei var opne inni. Det hende eg fekk ein liten peng og! Etter Håland flytta, var det lensmann Husebø som tok over. Han bygde nytt hus. Han var så flink å brodere korssting på stoltrekk og tøflar.

Vi hadde alltid eit godt forhold til naboane våre.

I slåttonna fann alltid far tid til å hjelpe Enevald. Det var nok ein slags takk for at vi fekk låne høyvogn og av og til også hest hos han. Far var alltid tidleg ferdig med slåtten på lærarjorda. Eg minnest vi hadde tre kyr og hest, så det skulde litt til, men far nytta kvar minste bit av jorda. Han dyrka förmargkål, kålrot og poteter, og kyrne åt potetlauvet òg.

Det hende at far bar inn turrhøyet på ryggen, digre bærer, som han kom heilt vekk under. Når han skulle få bera på seg, sette han seg på huk på bakken, smaug armene inn i børtauget, og så skulle vi puffe på når han skulle reise seg. Det var så spennande, og eg var så redd han skulle trille rundt.

Det var moro å hjelpe til i høyinga hos Enevald og Maren. Vi unga-ne tråkka lasset og drog høyet på plass og tråkka på låven. Dei hadde to hestar og høyvogner. Og så fekk vi rømmekolle hos Maren. Nam så god den var.

Da far til Enevald, gamle Sakarias, døydde, var det den fyrste gongen eg opplevde blomsteren Kala. Sia har alltid, både lukta og synet av Kala, mint meg om gravferd. Det gjorde eit underleg inntrykk på meg da eg, i eit bekkedar, like ved den eldste misjonstasjonen på New Zealand, såg at det voks på hundrevis av Kala der.

Dersom eg deler opp naboane i ringar rundt skulen, var dei neraste i ring nr. 1, og bestevenninna mi i ring nr. 2, med veg fra gamlevegen. Vi to hadde mange opplevingar saman. Ein kveld vi hadde vore på «Forbruken» og henta posten, kom det brått som ei sol som lyste opp og for over himmelen. Vi blei livredde. Trur aldri eg har sprunge fortare enn eg gjorde da, — buste inn i stua og stota fram: «Dommedag — dommedag!!» Dagen etter stod det i avisa at det var ein meteor.

Ein gong var det så sterk vind at Gunhild og eg blei sopt ut i grøfta.

Ein kveld skulle foreldra hennar bort, og eg skulle vera hos henne. Vi sette oss ved bordet i stua og spela gnav. Med eitt kom eg til å tenke på noe eg hadde høyr: Når ein sat ved bordet og spela kort, sat djevelen under bordet i form av ein kalv. Eg fekk føtene så langt bakover eg kunne og tok ein liten gløtt under bordet. Nei, det var ingenting der. Med det same kom det eit frykteleg fjes på glasruta. Først blei vi redde, begge to, men Gunhild var ei modig lita jente, og ho skyna fort at det var nabogutar som ville skremme oss. Dei visste nok at foreldra var borte.

Ei av søstrene til Gunhild hadde huspost hos ein familie i Stavanger. Ein dag hadde ho med seg heim ei lita dotter i huset der. Ho var så fin, reine openbaringa for meg, med lange, lyse hårlokkar, så fint kledd, og namnet var Evelyn. Evelyn! Eg måtte liksom smake på det namnet. Jo, det var fint!

Da dei skulle gå til byen att om ettermiddagen, skulle vi følgje dei innover gamleveien. Plutseleg kom det ein «prupp» frå veslejenta. Først blei vi paff, — at eit slikt fint lite vesen kunne lage ein slik kvardagsleg lyd. Men så blei vi lattermilde, begge to. Vi kunne ikkje la vere å knise. Men da blei Anna sint: «Er det noe å le av?» Etter det var det ikkje noe

meir stas å følgje dei, så vi snudde og rusla heim.

Eg trur det var det same året Kirsti laga ei fin dokke til jul, og det måtte vera eg som fekk dokka. I alle fall var det eg som gav dokka namn: Evelyn!

Ein sommar låg Gunhild og eg ei natt i det nyberga høyet i låven hos dei. Det lukta så godt av høyet. Tidleg på morgonen, eller kanskje det var natt enno, vakna eg og såg på låvesvalene som flaug ut og inn og mata ungane sine.

Eg lika ikkje å gå barbeint, — var livredd for å trø i noe skit. Særleg hadde eg avsky for hønneskit. Hønene fekk ofte gå fritt. Gunhild syntest eg var litt av ein pyse på den måten, og ho ville vise meg at ho slett ikkje var det. I møkkarenna i fjøset var det kuskit. Gunhild trødde uti så skiten kom opp mellom tærne hennar. Eg måtte ut og kaste opp!

Den mest dramatiske opplevinga hadde vi to ein dag i første eller andre klasse. Småskulen hadde vore på tur til «Kvednavigå». På heimtur blei eg lei av å gå og fekk lyst til å springe. Gunhild blei med, og vi la i veg. «De springe, de springe!!» var det noen som ropte. «Da skal dei få sitte igjen,» sa frk. Teigland, så høgt at vi hørde det. Da tok vi skrekken og sprang enno meir. Til slutt gøymde vi oss bak eit steingjerde til alle hadde gått forbi. Så rusla vi etter.

Det blei alvor. Vi måtte sitte igjen, men det var slik skam at det var det verste som kunne hende ein stakkar, og vi blei hemnlystne. Så snart dei som vaska var ferdige med vårt klasserom, gjekk vi inn. Vi teikna ei dame og ein mann med ei rekke ungar bak, både på tavla og på eit papir som vi la i kateterskuffa. Under skreiv vi: «Teigland, Alfred Pedersen (ungkar i nabolaget) og alle ungane deira.»

Frk. Teigland forlanga at vi skulle ha juling. Tenk at ein lærarunge kunne finne på noe slikt?

Det var to «molefonkne» personar som gjekk bort i vedbua. Der skulle slaget stå. Far heldt ein liten tale for meg, og så gav han meg ein klaps, utapå kleda. Eg syntest så synd på han!! Mor til Gunhild tok det ikkje så tungt. Gunhild fekk ikkje juling. Men det var nok mest min ide.

Eg har før nemnt at vi ikkje hadde mange kjøpte leiker. Ein gong fekk eg så lyst på ei celluloid-babydokke som eg såg i utstillingsglaset i ein butikk i Skagen. Prisen stod på: 5 kr. Den dokka skulle eg ha. Det var å gå inn for sparing. Det blei viktig å få gå med telefonbod og andre ærend. Da kunne det bli både 10 øre og av og til ein 25-øre. Men 5 øre og 2 øre kom òg vel med. Og endeleg kom den dagen da eg hadde heile summen. Eg fekk sitte på torglasset til gartnaren, og rett inn i butikken.

Der hadde dei mange dokker som var lik den eg skulle ha, men det var dokka i glaset som var mi, og den ville eg ha. Det fekk eg. Det var ein stor dag. Dokka var naken og måtte få på seg noe med ein gong. Eg tok eit firkanta tøystykke, klypte eit rundt hol til halsopning, tredde på og batt eit lite belte rundt livet.

Ein gong tidlegare, eg stod utafor butikken i Skagen og såg på dokka mi, kom det ein mann og stod attmed meg. Eg la merke til at han stod og vippa med den eine foten. Om ei stund gjekk eg opp Prostebakken til Kirkegata og såg i vinduet til bokhandlar Floor. Da kom den same mannen og stod der òg, og vippa med foten, Eg tok ein snar titt opp på mannen, og likte han ikkje. Springe kunne eg, og som ei pil for eg ned Prostebakken, bort Skagen til torget og rett bort til fru Sjøtun som stod ved torgbordet sitt. Ho meinte det var best eg heldt meg i nærleiken av henne og fru Ramsfjell til det var slutt på torgtida og dei skulle køyre heim.

Eg trur eg alltid har vore glad i Stavanger. Det var så fint når Domkyrkja spela salmer med klokkespel, og om ettermiddagen, særleg i tåke eller duskregn, var det så fint å høyre på avisgutane: «A-a-fenblad, Stavangeren, — Første mai!» Dei hadde så fin tone, mest som ein song. Seinare fekk dei på ein «hale»: Haugesunds Dagblad, — Molboposten!, men utan syngetone.

Eg må ein tur attende til frk. Teigland. Ho hadde sin spesielle pedagogikk med høgtlesing i klassen. Frå første dag med høgtlesing starta «leseturen» ved pulten, og så var det om å gjere å komme seg innover mot byen, og nå ned på kaien til nattrouteskipet, eit stykke på veg for kvar gong vi las. For kvar gong skreiv ho opp kor langt vi var komne. Ein stakkar blei mest ståande der ved pulten, ein kom med tid og stunder ut på trappa, og slik var det ulikt. Noen kom langt innover. Eg var alltid lengst. Likevel kan eg ikkje minnast at eg fryda meg over det. Det blei liksom så sjølvstakt. Eg nådde båten! Det var så synd på dei som var dårlege til å lesa. Eg gruva meg kvar gong det var deira tur. Noen var sikkert ordblinde, men det var det same som å vera dum, den gongen. Hjelp fekk dei ikkje!

Kirsti gjekk på eit kurs for barn, og kom heim med så mye fint, t.d. små dokkemøblar laga i løvsagarbeid og fletting. Da ho var ca. 15 år, fekk ho vera elev hos ei sydame i Stavanger, og eg minnest ho sydde klede til oss søstrene.

Da ho var 12 år, bestemte ho seg for å bli tannlege. Ho var elev i det første kullet på Rogaland landsgymnas. Det var noen spennande år for oss søstrene òg. Kirsti hadde av og til kameratar frå skulen, når det var helg eller månadslov: Solveig Watne og ei Solveig til, og Gunvor Fitje.

Noen gonger var det med gitar òg, m.a. Jon Hellesland og Henchen. Eg minnest ein kveld vi stod ute og Jon hadde ei lang utgreiing om stjernehimmlen. Henschen var frå Stavanger. Han minnest eg særleg fordi vi ein gong var bedne dit i selskap og fekk lov å dansa på dei fine teppa i stua. Det var stas å få besøke Kirsti på hybelen på Bryne. Ho hadde ein heil kasse med rosiner, og den fekk eg lov å forsyne meg av. Eg lika så godt å tygge på ein blanding av rosiner, nøtter og sjokolade. Men berre rosiner var godt det òg.

Også dei åra Kirsti gjekk på gymnaset, var ho flittig til å sy i fritida.

Ho song så fint. Eg trur ho hadde noen timar i song hos ei dame i Stavanger. Eg trur det var da ho lærte denne songen, som eg òg lærte av henne:

*«De gikk langs det lekende hav,  
hvor bølgene danset så lette,  
med skum på den bølgende slette.  
De vandrede langsomt fot for fot,  
stanset og bukket seg hvor de stod.  
De søkte seg rav.  
Hun fikk hvad av havet han tok.  
Skjønt ble det slepet, i form av et hjerte.  
Det skinte så klart som den klareste kjerte.  
Hun bar det på barmen, hun kysset det tidt,  
hun gav ham til gjengjeld sitt.  
Men det var et hjerte som slog.  
Han for på det gyngende hav.  
Hun møtte ham ingensinde,  
hun bar på hans hjerte der inne.  
Hun bar det hos sitt, bedrøvet og glad,  
visste slett ikke å skille dem av.  
Men hans var kun rav.»*

Den hausten eg var konfirmert, fekk eg bli med Kirsti på teateret. Vi skulle sjå Hamlet. Vi pynta oss. Eg hadde på meg lakkskoa som eg fekk til konfirmasjonen. Dei var spisse og litt smale, og ikkje så veldig gode å gå i. Men fine var dei. Vi hadde ikkje bestilt billett og måtte nøye oss med ståplass på galleriet. Der stod vi i 4 timar. Å sjå og høyre Ingolf Schanke som Hamlet var ei fantastisk oppleving. På den 3-4 km lange spaseraturen heim var tankane så opptekne av stykket at spisse lakksko var null og niks!



Harald var fire år eldre enn eg.

Det var ein kveld, og leggetid. Vi hadde det moro og heldt eit svare leven. Eg heldt på å kle av meg og var ikkje klar over at mor var på veg opp trappa. «Snu deg med enden til trappa,» sa Harald. Eg så gjorde, og fekk med det same ein skikkeleg dask på enden. Det er den einaste gongen i mitt liv eg har fått slag på bar ende, og eg var sint på Harald etterpå. Han var aleine gut, og syntest nok det var moro å erte søstrene litt. Han erta Kirsti med ein gut som heitte Hamilton. Det einaste merkelege ved han var at han hadde eitt brunt og eitt blått auge.

Harald var så glad i dyr og hadde godt lag med dyra. Duene hans var så tamme at dei sette seg på akslene hans.

Eg hadde ein halvvakse katt, Valk, som eg var så glad i. Han var så flink å hoppe «moksis» og var ein leiken katt på alle vis. Men ein dag tok han ei av duene hans Harald. Eg minnest Harald gjekk frå middagsbordet før vi andre var ferdige. Først reagerte eg ikkje på det, men med eitt slo det ned i meg: «Nå hender det noe ute.» Eg sprang ut. Det var for seint! Harald hadde drukna Valk i ein stamp med vatn. Valk blei gravlagd og fekk blomster på grava.

Som barn hadde eg eit stort problem: meitemakk! Berre synet av ein makk var nok til at eg grøssa. Vi ungane var med og tynna kålrot. Harald var snarare enn oss og låg eit stykke framfor. Med eitt snudde han seg og heiv ein handfull makkar på meg. Eg fekk panikk. Om natta hadde eg mareritt, — syntest senga var full av makk som kraup og kræla. Lyset på! Ingenting i senga, men straks lyset var av, var makkane der på ny. Ein sommar køyrde Harald og eg med Blakken til byen på potetsal. Vi fekk gode kundar i Pedersgata. Vi hadde så fine tidlegpoteter det året. I alle fall var potetene populære, og vi syntest det var moro. På heimvegen hadde vi alltid ein stopp ved forretninga til Hundsbet. Eg heldt hesten, og Harald var inne og kjøpte Studenterstomp, og så kosa vi oss medan vi køyrde vidare. Harald var vel 14-15 år den gongen. Studenterstomp var ei avlang, brunaktig kake med melisglasur.

Bergljot var to år eldre enn eg, men eg voks snart forbi henne. Ho var lita og slank og gjorde aldri noe gale, og så for ho så fint med alt. Fekk ho noe godt, kunne ho gøyme det aldri så lenge. Vi andre fekk det i oss, fortast råd.

Eg sleit mye sko. Bergljot for fint med sine. Det hende eg låntok hennar sko, så lenge dei var store nok til meg. Det var ikkje populært, men vi sloss aldri.

Bergljot var med i turnforeininga i Stavanger. Mye av det ho lærde der, gav ho vidare til oss. Turnstengene i epletrea, ei låg og ei høg, var

flittigt i bruk, og vi var flinke til å svinge oss og å entre. Eg har nemnt at Kirsti var flink med hendene. Det var Bergljot òg. Begge to slo nuppereller. Slikt putlearbeid låg ikkje for meg på det alderstrinnet, og eg har aldri lært meg det. Den drakta turnforeininga brukte den gongen, var ein kvit bluse med brodert svart rand rundt hals og ermer, og fire store F-ar brodert i svart på brystet: FRI, FRO, FROM, FRISK. Eg trur dei hadde svart bukseskjørt til. Vi var «krye» av at Bergljot var turnar.

## Kino

I eit primitivt lokale i Kirkegata blei det vist westernfilm. Eg var innom der, i alle fall ein gong.

Eg minnes godt ein gong eg stod i kø utafor Filmteatret for å sjå Chirley Temple. Trur eg hadde med meg ei eller to yngre søstrer. Det var kolossal forventning i køen.

Eg var vel i 13-årsalderen da eg blei spurd om eg ville hjelpe til med oppvarting i middagsteltet på hestemarken i Hillevåg. Menyen var kjøtkaker og rabarbragraut, så det var truleg på vårparten. Eg syntest aldri eg hadde smakt så god rabarbragraut, og med kremfløyte på. Det var det ikkje ofte vi fekk heime. Eg minnest den dagen som ein festleg dag, med masse blide folk, hesteknegging og solskin. Og eg fekk betalt for arbeidet!

Eg hadde det ikkje så kjekt ein dag eg skulle hjelpa Bergit Bøe. Det skulle vera fisk til middag. Eg fekk i oppdrag å rense ei stor brosme eller lange, som sprella. Tårene rann medan eg rensa og skar skiver som motvilligt roa seg på fjøla. Etter det har eg omtrent ikkje orka å ta i levande fisk.

## Moste

Ho heitte Brita Urdahl og var den eldste søstera til mor, 15 år eldre, og ugift. På Tasta sa alle «Moste», for det sa vi. Hos oss var ho i mange år. Det året eg fylte 10 år, døydde kona til den eine bror hennar, og ho reiste da dit for å hjelpe han.

Men eg har mange minne frå dei åra Moste var hjå oss. Moste var så flink med dyr. Ho hadde premiar frå «Dyrenes Beskyttelse», og mange gonger blei det sendt bod etter henne når det var vanskar med dyr omkring hos folk. Mest var det vel om det var komplikasjonar ved kalving.

Eg undrest på om Moste hadde ein illusjon om at eg skulle lærast opp til å gå i hennar fotspor? Eg var vel i 6-årsalderen da ho tok meg

med i fjøset til ei ku som skulle kalve. Og så kom kalven!! Eg fekk sjokk. Noe så fælt! Hylande sprang eg inn, og ingen skulle få meg bort i fjøset meir. Eg blei aldri spurt om eg ville læra å mjølke.

Moste var ei modig kvinne, men livredd mus. Eit lysteleg minne: mus i gangen. Moste oppå eit bord med ein langkost i hendene. Ho ropte på far. Han kom, men musa, stakkar, sprang livredd rundt langs veggene, men det lukkast ikkje far å få has på henne før ho tok tilflukt oppi buksebeinet hans. Da klemte han hendene rundt og sprang ut.

Fødselsdagen min er i september. Det var som regel på den tid vi hadde det travelt med å ta opp vinterpotetene, og det var lite tid å ofre på fødselsdagsbarnet. Ein slik dag gav Moste meg 2 kr. Det var mange pengar den gongen, samanlikna med i dag. «Du kan kjøpa deg kå du vil,» sa Moste. Eg i full fart på «Forbruken». «Eg skal ha bom-bom for den,» sa eg og la tokronen på disken. Eg minnest ikkje ka dei sa på butikken, men eg fekk min bom-bom-pose, ein retteleg stor ein. Stolt kom eg heim og vilde spandere. Da blei det forskrekkelse: «Har du kjøpt for 2 kr i bom-bom?» «Ja, Moste sa eg kunne kjøpa ka eg ville, så —»

På kjøken blei det fyra med kol i komfyren. Tak og vegger blei nok så mørke, og når Moste vaska rundt til jul, var det eit fælt søl av grønsåpevatn og skurekost. Slike dagar var utrivelege, syntest eg. Det var best å halde seg unna. Men når kvelden kom, var det friskt og reint, og da var det varme på komfyren att.

Eg lika heller ikkje å vera på kjøken når dei steikte smultringar. Det var vond lukt. Det blei alltid laga ein stor porsjon, eit 20 liters meierispann fullt. Og ringane var gode, så det var freistande å ta seg ein snartur inn for å få ein smak. Alle julekakene hadde sin plass på Svåli, like ved trappa. Fristelsen var der vel, men eg trur aldri noen tok seg kaker før jul. Dei var til jul! Og jula, — det var ei stor høgtid! Juletreet på plass i bestestua, ny halm i sengemadrassane dei åra vi brukte halm, vi var lauga og kledd i det beste vi hadde. Så snart dei var ferdige med fjøsstellet, skulle vi til bords og eta risengrynsgraut og lutefisk. Lukta av lutefisken høyrde med til jula.

Og så var det gangen rundt treet, og alle julesongane. Du, som vi song! Alle versa på alle songane. Treet var stort. Det skulle nå omtrent i taket, men vi var mange, og ringen nådde rundt. Eg trur far var ekstra glad i «Kling no klokka, ring og lokka, ring og lokka frå tusen tårn —».

Det var nok gåver under treet, men eg trur ikkje det var det viktigaste for oss. Far var så glad i det søte, og eg minnest eit år både eg og noen andre hadde kjøpt for 10 øre i kandissukker og pakka inn til han. Det gladaste eg i alle fall har vore for julepakke var da dokka Evelyn låg

under treet. Kirsti hadde sete for låst dør på loftet, og vi var så spent på kva ho heldt på med. Så var det dokka!

Vi hadde alltid nøtter i huset til jul. Eit år syntest eg dei kjøpte så lite nøtter. «Skal vi ikkje ha meir enn det?» spurde eg mor. «Vi har ikkje råd til meir i år,» sa mor. Det var frykteleg trist å høyre henne seie det. Eg fekk ei kjensle av at vi var fattige.

Når julekvelden var til ende, var det å kravle seg opp på den tårnhøge madrassen, og så dale litt ned. Det var herleg. Juledag var det stas å få bli med i kyrkja. Den dagen var det ekstra musikk, t.d. fele, harpe eller trompet. Og så var det dei fine julesalmane som eg kunne vera på.

Litt selskapsliv var det òg. Eg minnest vi var i selskap hos Årtun. Der var det mange ungar. Sverre gjekk i same klasse som eg. Årtun hadde gard, med ganske stor fjøs. Tunet var hellelagt med same slags stein som det var i bygatene. Dei hadde grammofon med stor tut. Dei hadde ein del plater, og det var stas.

Når det var selskap hos oss, gledde vi oss til å spela «Gammal jomfru» med dei vaksne. Ein gong blei Åsland jomfru. Da lo vi godt. Det var han som slakta julegrisen hos oss, og han var ikkje akkurat noka jomfru.

Sommaren 1923 fekk Ingebjørg og eg bli med Moste til Luster og Brekke. Vi fekk nye kjolar i skotskruta stoff, med volangskjørt og bukser i same stoff med strikk rundt låret. Vi kunne svinge oss og bøye oss utan at noen såg anna enn ruta stoff.

I Bergen kjende eg meg heilt inneklemd. Det var høge hus og høge fjell. Stort likare var det ikkje innover Sognefjorden når båten gjekk så tett innmed land att vi ikkje kunne sjå toppen på fjella. På Saude i Luster skulle vi sova i Moste sitt kårhus. Eg minnest vi stod nederst i tunet som var omringa av husa på dei tre gardane til morbrørne våre. Lenger oppe i tunet kom det ein mann med kvit trøye og stakk i den eine handa. Han gjekk litt rart, og så ropte han: «Nå kjem eg og tek dokk, jæderbuar!!» Å, kor redde vi blei. Vi sprang opp i Kåret, opp lofttrappa, inn på eit lite rom. Der låg det eit par sekker med noe tøy eller ull i. Vi oppi, og heldt for opningen. Der låg vi til Moste ropte på oss, og vi kunne fortelje at det var ein mann som ville ta oss.» «Nei å nei,» sa Moste. «Det var nok han Torgeir morbror. Han er den snillaste mannen i verda og ville berre skremme dokk litt.» Jo, Torgeir morbror var snill, og vi blei gode venner.

Det var fleire ungar på Saude: Kirstina og Susanna på Kleivi, Hans, Per, Kirstina, Anna og Sigurd i Hansagarden, og Hans og Anders i Torgeirgarden.

Men dei søskenbarna vi blei mest opptekne av, var tvillingane Tordis og Margit i Åsen. Dei var jamgamle med meg (ca. 1/2 år yngre), og så like som to dropar vatn. Dvs. litt forskjell var det. Tordis verka som ho var den førstefødde, tok liksom litt meir føringa enn Margit. Og så oppdaga vi eitt eller anna lite merke på ei av dei. I Åsen låg vi saman med Moste i ei brei seng. Tidleg om morgonen kom Marta moster med kaffi til Moste og nysila mjølk til Ingebjørg og meg, og eit fat med verdens beste pleskenar. Dei smelta på tunga og var så gode saman med mjølka.

Ein dag medan vi var i Åsen, tok Moste oss med til ei gamal kone i Dalsdalen. Der forvilla vi oss inn i eit uthus og fekk på oss hundretusenviis med lopper. Moste fekk det travelt med å komma til Åsen med oss. Saman med kledda blei vi putta opp i ein stor stamp med vatn ute i tunet. Loppene flaut opp og låg som eit lag oppå vatnet. Eg trur ikkje noen som såg det, kan gløyme det synet.

Vårstølen i Åsen hadde metertjukke steinvegger. Det var reine eventyret å vera der oppe: stølen og kyrne og alle geitene. Dei var så morosame, særleg ungdyra, og det var så fint oppi fjellet.

Eg trur slektningane våre alltid hadde kvitost på bordet, også til middag, og dei skar tjukke skiver med kniv. Den osten blei eg glad i, også den ytterskorpa som blei att til slutt. Den var så god å gnaga på.

Det var Torgeir morbror som køyrde oss til båten da vi skulle reise. Han kjøpte sjokolade til oss, og eg minnest han sa til meg: «Du kunne nå godt vore att her hjå meg, du?» Ja — og nei. Å nei, eg ville nok heim. Men det var fint å vera i Luster òg.

I Brekke var vi ikkje så lenge, men vi var på stølen der òg, og eg minnest vi fekk rømmegraut og steikt aure.

Frå heimturen på båten minnest eg at det lukta kjøtkaker og fjøs på ein gong, at eg blei kvalm og kasta opp, og at trisa blei sint for at eg kasta opp på golvet.

Om haustane fekk vi eple frå Sogn. Eg veit ikkje om det var kvar haust, men eitt år fekk vi ei heil tønne. Vi steikte eple i omnen i stua. Den hadde eit kokerom med dører for, og rist. Å, så godt det lukta og smakte.

Haustarbeidet på jorda vår kunne vera ganske tøft. Kålrota fekk stå ute lengst mogleg. Eit år var far og eg åleine om å hauste inn eit ganske stort stykke kålrot. Lauvet var teke av, men vi skulle ta rota opp og pynte av mold og røter, og til slutt køyre kålrota i ein stor dunge som fekk lufteøyr og blei dekt med halm og mold. Vi hadde god kålrot, søt og saftig. Men du så kalde fingrane blei ein slik kveld. Vondt var det ute, men ver-

re var det når ein kom inn. Det kjendest som neglene ville sprette av. Noe anna var det når vi sat på ein bjelke på låven, med ei halv kålrot i fanget og skrapa den saftige rota med kniv. Under potetopptek var det populært å steike potet i den varme oska frå eit bål.

Om vi måtte vera med i arbeidet på lærarjorda, hadde vi likevel mye tid til leik. I slåttonna, dersom far slo med ljå, måtte vi nok gå frå leiken når far skulle slipa ljåen. Men det kunne ta lang tid før han var nøgd med slipinga, så vi måtte lære oss tålmod.

Far var tålmodig sjølv. Han var læraren min dei siste 4 åra i folkeskulen. Eg trur ikkje han sa eit hardt ord til noen heile den tida. Det var eit einestående godt miljø i den klassen.

Ein dag fekk vi jentene lyst til å lage litt gøy. Vi blei einige om at ei av oss skulle rope «Å, ei mus!». Jobben fall på meg. Da timen var vel i gang, buste eg ut: «Ei mus, ei mus!» Far såg på meg og smilte: «DU er da ikkje redd mus, du Hjørdis.» Det var det.

Eg trur alle ungane omkring kom til oss og var med og leika. Det var mye liv og ståk ute i tunet. Det var så moro å hoppa bukk når vi var mange. Av og til var eg litt redd for at noen skulle reisa seg litt opp med det same eg skulle over. Når det tok til å mørkna om ettersommaren, var det populært med gøymeleikar. Ein stod ved ein vegg og talde høgt til 50 eller 100. Alle andre sprang og gøymde seg. Så var det for den som stod å finne dei og nå attende og slå i veggen før den andre.

Eg minnest ikkje namnet på alt vi leika, men det var mange ulike ting. Det var med ball, taug, pinnar, flate steinar m.m.

Vi var flinke til å jodle. Vi kunne jodle med høg tone og gå ned til grovt. Vi måtte ha smidige stemmeband. Ute kunne jodlinga høyrast langt. Om kvelden når det var mørkt, fylte det lufta med ein underleg stemning.

Ein dag hende det noe fælt på skulen. Det var bygd nytt utedo, men bak det nye stod kummen frå det gamle utan deksel over. Ein gut gjekk og balanserte på murkanten, — og så datt han uti. Stakkars mor! Ho måtte ta seg av guten.

Mor var formann i blindeforeininga. Det førte med seg at det kunne vera foredragshaldarar som kom innom til oss før dei skulle på møte. Ein av dei var organist Geburg Åsland. Han var blind. Det var noe spesielt ved han som gjorde at eg syntest det var fint å vera i nærleiken av han. Eg må nemna her at da eg var elev på Statens lærarskule for hushaldslærere, var eg ein søndag i Ullem kyrkje. Det var i 1940 eller 41. Det synt seg at presten var tyskvenleg, og han oppfordra oss å vera venlege mot dei

tyske soldatane m.m. Det blei slik dystre stemning i kyrkja, så mørkt, liksom. Det var Geburg Åsland som var organist der. I postludiet sette han i med full kraft på orgelet, tonen til «Å hadde jeg vinger så ville jeg fly langt, langt herfra, langt herfra». Det verka som eit trylleslag. Folk retta seg opp og smilte, og det blei liksom lysare inne. Glade gjekk vi ut. Takk, Geburg Åsland!!

Far og mor fekk i gang barnelosje. Eg var vel i 7-årsalderen da ei dame kom og hadde folkeviseleik med oss i losjen. Eg trur det var i losjen vi blei opplærde til å sitte stille når det var foredrag o.l. Vi fekk eit forhold til ka tid vi skulle t.d. klappe i hendene, reise oss eller både reise oss og klappe. I losjen var det alltid noen som hadde «ombod». Det kunne vera dørvakt, kapellan, skrivar eller øvstetemplar. Vi måtte også læra oss til å vera med å laga program for møte og å skriva i møteavisa. Vi fekk sjølvstøtt orientering om alkoholen og det han kunne føre med seg. I oppveksten såg eg nok på folk som drakk som dårlege menneske. Det var med undring eg seinare oppdaga at folk kunne vera bra om dei tok seg eit glas. Men eg såg ein gong ei full dame på gata i Stavanger, med ein hale av ungar etter seg. Dei ropa og lo. Eg kunne liksom ikkje tenke meg at ei dame ville drikke seg full.

### Stokkavatnet

Der lærde eg å ta mine første sømjetak. Badedrakt var berre eit bomull-slinnet, og for at det ikkje skulle flyte opp i vatnet samla vi det med ei sikkerheitsnål i skrittet. Like ved der vi bada, voks det bjørnebærbusker. Når bæra var heilt svarte, var dei søte og gode, men vi fekk ofte blodige risper etter dei kvasse tornene på busken

Da Stokkavatnet blei drikkevatt for Stavanger, fekk vi ikkje lov å bade der meir. Så vidt eg minnest, fekk vi lov å skeise der enno ei tid. Ein vinter det var så god is, flytta dei «Strøket» i Kirkegata til isen rundt Dyrsnes. Der var bål og musikk og noen isfarkostar med segl. Det var festleg. For oss var det eit godt stykke fra Dyrsnes og bort til vår strand. Ein kveld vi var på heimtur, stod det ein halvnaken mann i kanten av Eskelandsskogen. Vi blei redde at han skulle komma etter oss, og eg veit at i alle fall eg sprang med skeisene på meg opp bakken. Da såg eg at han ikkje kom etter, og eg kunne puste ut og ta skeisene av.

Ein dag var noen skuleklassar på isen. Far var der òg. På eit eller anna vis kolliderte han med ein elev og datt med haka mot krøllen på ei skeise. Han besvimte. Haka var kløyvd, og det blødde. Det blei eit oppstyr. Far måtte til dokter og få sydd fleire sting.

Isen var ikkje like trygg over heile vatnet. På den vestre delen var det noen oppkomme som gjorde det utrygt å skeise der. Det blei sagt at det hadde drukna folk der.

### Jordmora

Ho heitte Margrete Ree og budde på øvre Tasta. Ho kom i kvitt forkle, og med henne kom det tung medisinklukt inn i huset. Det var noe roleg og trygt over måten hennar å snakke og å røre seg på. Eg har fire yngre søs-  
trer, men kan ikkje minnst noe direkte om når fødselen gjekk for seg. Da Svanhild kom til, var vi på ei eller anna tilstelling på Heimlund. Det var vel slik at enten var det natt, så vi sov, eller òg var vi ute av huset. Men jordmora var innom fleire gonger etter fødselen. Eg var 13 år da Svanhild blei fødd, og Bergljot var 15. Ho var så tankefull. Ho syntest nok at mor hadde meir enn nok med det som var. Ho ville ikkje sjå baby-  
en med det same. Eg minnst Kirsti stod bøygd over Svanhild og sa:»Sjå dei fine hendene, og slike fine negler.» Eg såg, og var einig. Det var ei fin lita søster.

Svanhild blei fødd 23 august. Eg trur ikkje mor var sterk den vint-  
ren. Eg trur eg hjelpte mor både med å stelle Svanhild og med husstellet. Eg var i 7. klasse og var fri annankvar dag. Eg minnst ein dag eg syn-  
test eg hadde laga så god middag. Ka det var til hovudrett, har eg gløymt, men det var i alle fall svikesuppe til dessert. Eg trur Bergljot var i Bergen hjå frk. Teigland den vinteren?

### Voggesongar

Far song ein sull på Sognedialekt:

*«No mao badne sova, sia ska me ut og gao  
sjao kå far kan graset slao  
og plukka blaoe blomster.»*

Mor fortalte og song denne om kona langt inne i skogen:

Det sat ei kone langt inne i skogen i ei lita stue og byssa barnet sitt. Da kom det ein framand mann inn til henne og spurde: «Kan eg få eit glas øl?»

«Nei, ølet det sitter i kornet fast bissan lu, bissan lu, bissanlullanlul-  
lanlei, bissanlullanlullanlullanlullanlei.»

«Er mannen din heime?»

«Nei mannen er i skogen og høgg ei gran, bissan lu...»



«Kan eg få ein kopp kaffi?»

«Nei kaffen den er uti Afrikas land, bissan lu...»

«Kan eg få litt mjølk da?»

«Nei melken den sitter i koen fast, bissan lu...»

«Kan du vise meg vegen herifrå?»

«Nei, den samme stygge mannen som har vist deg veien hit, han kan vise deg veien herifra.» Eg syntest ikkje den kona var noe snill.

Men mor var snill, også med alle som kom på dørene og bad om mat. Tresko-Tina var ei av dei som kom innom. Ho hadde noe småtteri å selje, men tigga òg. Ho hadde «alle» sakene sine i bluselivet, så ho var ganske rund i brystregionen. Vi var da nysgjerrige etter å få eit glimt inn-afør når ho skulle ha noe ut eller inn. Men nerma vi oss, så hysja ho etter oss, så vi fekk aldri sjå inn i «det forjettede land». Noen sa ho var rik og hadde mange pengar på brystet, men det trudde ikkje eg, for da ville ho vel ikkje tigge?

## Eige rom

Eg var vel i 13-årsalderen da eg fekk så lyst å ha eige rom. Eg spurde om å få det rommet med skråtak som vi brukte til klesrom. Jo, eg fekk lov. Hengde alle kleda ut på Svåli, fekk inn seng og litt til, og så hadde eg for første gong eige rom.

Telefonstrengen gjekk inn i huset på det hjørnet. Det kunne vera så fine tonar i den strengen. Det var så fint å ligge og høyre på før eg sovna. Av og til opplevde eg noe rart: Eg kunne sveve oppe over senga, svinge meg rundt og flyte på lufta.

Ein gong, da eg var mindre, hadde Ingebjørg og eg lyst til å ligge i kottet under trappa. Ja, vi fekk lov. Vi vaska og skura etter at vi hadde hatt ut sko og klede som var der. Det var ikkje plass til seng, men vi fann eitt eller anna å ha under oss. Det blei berre med den eine natta. Det lukta ei blanding av grønsåpe og gamle sko.

## Radio

Lærer Haugen i Randaberg hadde fått radio. Det var ein slik dei kalla «krystallapparat», med høyretelefonar til. Vi var inviterte til å oppleve dette nye underet.

Nervane var i høgspenn da det blei min tur til å høyre, og konsentrasjonen total. «Ding-dang.» Det var klokkene i «Big Ben» i London. Tenk!! — sitte i Randaberg og høyra kyrkjeklokker i London. Ei utruleg oppleving.

Seinare laga Harald eit krystallapparat sjølv.

### **Den første bussen**

Eg trur far var formann i mange styre. Det var han òg i det nye rutebilselskapet: Randaberg-Tasta rutebilselskap.

I dag ville vel ingen kalle den første rutebilen på Tasta for buss. Det var ein høg lastebil med vegger og tak av seglduk, enkle trebenker utan ryggstø til å sitte på, og ei tretrapp for på- og avstiging. Vi fekk vere med på ein prøvetur. For ein fryd det var, — trass i harde benker og dårleg fjøring, å riste inn til sentrum av byen og ut att til Tasta. Vi hadde fått buss!

### **Far sin miniskrivepult**

Pulten var ulåst og stod oppe på Svåli. Eg trur ikkje det var sagt at vi ikkje hadde lov å sjå i pulten. Men det kjem for meg at det var ein slags uskriven lov. Pulten blei så freistande for meg at eg drista meg til å undersøke innhaldet. Det første som møtte meg da eg opna loket, var ein bunke med fine tusjteikningar. Under der var det eit nytt lok, og under det låg det mange brev og papir. Eg lurte meg til å lesa noen brev. Det var brev som mor og far hadde sendt kvarandre i unge år. Det var spenning, blanda med dårleg samvit. Det var vel gale å lesa andre sine brev?

Eg levde i den trua at Gud kunne sjå alt vi gjorde, ja ikkje nok med det. Han kunne også sjå ka vi tenkte! Og når eg tenkte at det var dumt at Gud visste at eg tenkte at det var dumt at han visste at eg tenkte slik om han — korleis ville han ta det? Han måtte vera misnøgd med meg. Det var nok i ein slik sinnsstemning eg ein gong skreiv eit lite vers som eg sette tone til:

*«Herre eg veit at du ser meg, syndar her på jord.  
Hjelp meg at eg ter meg etter dine ord.»*

Men stort sett var eg visst ei nokså sorglaus lita jente, og til dagleg hadde eg ikkje kjensle av at eg var under nitid oppsikt av Gud.

### **Borgny sin første skuledag**

Den hausten eg skulle opp i 7. klasse, skulle Borgny begynne på skulen. Vi var så fine, begge to. Eg hadde fått ei ny, omsydd kåpe i brunruta stoff, innsvinga og med stikklokker. Kirsti hadde sydd kåpa. Eg følte meg så elegant. Ka Borgny hadde på seg, minnest eg ikkje, berre at ho

var fin. Eg tok henne i handa, og saman gjekk vi bort på skulen. Det var ei lykkestund da vi stod på skuleplassen og klasseveninnene mine stod rundt oss.

## Kyrkja

Av og til var eg med far til kyrkja. Frå sentrum i byen var det nokså bratt opp til Hetlandskyrkja.

Presten i min barndom var prost Kløvstad. Han var ein fin prest for eit barn. Det var så godt å høyre på når han snakka, og så var han så fin å sjå på, med kvitt hår og eit mildt uttrykk i ansiktet. Enno i dag synest eg det er godt å tenke på Kløvstad.

Salmesongen var like spennande kvar gong. Nye tonar ville eg klare å synge med i. Det var ikkje alltid like enkelt. Det hende eg gjekk opp når tonen skulle ned, og omvendt. Ein gong la eg merke til at far sat og lytta på meg.

Klokkar Sjøtun høyrde også med i kyrkja. Han var far til gartnar Sjøtun, som eg kjende godt. Kyrkjetenaren var tynn og lang og svartkledd. Han passa på oss, trudde eg, for ein gong sa han: «Husk å være stille i kirken».

I oppveksten hadde eg aldri noe ønske om å bli vaksen. Var det snakk om gifting, sa eg at om eg noen gong gifta meg, skulle det vera med ein sjømann som var på langfart. Da kunne eg gjera ka eg ville, t.d. lese bøker heile dagen!

Litt forelskelse opplevde eg vel. Da eg gjekk på framhaldsskulen, reiste eg med bussen inn til byen. Framhaldsskulen hadde lokalet oppe ved kyrkja. Ein gut som gjekk på handelsskulen, reiste med same buss. Eg minnest han sat i bussen og song: «Som nordavind, som nordavind er guttesinn. Som synnavind, som synnavind er jentesinn.»

Om eg ikkje ville vera vaksen, hadde eg likevel lyst til å tene mine egne pengar. Eg hadde lyst å ha arbeid i ein bokhandel. Far kjøpte alt skulematerialet i Søylands Bok og Papirforretning i Kirkegata. «Kan ikkje du spørje om eg kan få arbeid der,» spurde eg far. Eg gløymer ikkje reaksjonen til far. Orda minnest eg ikkje, men meininga: «Skal eg tigge om nokon fordel for deg, framfor andre?» På den tida hadde vi ikkje økonomi til at eg kunne få gå på meir skule. Det måtte venta.

Redaktør Sletten i Stavanger Aftenblad søkte etter halvdagshjelp. Eg søkte, og fekk jobben. Halv dag var frå kl. 8 til 18. Altså ti timar. Løna var kr 30 pr. måned. Eg skulle bu heime, så det var ca. 3 km å gå frå oss og inn til Seehusensgt.

Nå hadde eg litt peng eg kunne bestemme over sjølv. Stor luksus kunne eg ikkje få for dei 30 kr, eit par sko kosta omtrent det.

Idal handelsskule hadde kveldskurs i stenografi og maskinskriving. Der melde eg meg på.

Eg minnest kor eg fryda meg den første gongen eg skulle oversette ein tekst frå stenografi, og det blei: «Kirken står i bondens tanke på et høyt sted.» Det var jo Bjørnson!

Ein kveld fekk vi lov å skrive ka vi vilde på maskinen. Eg skreiv:

*«Fant du lille pike lykkens rike, eventyret her på jord.  
Så du solen skinne på et minne som dypt i ditt hjerte bor.  
Fant på dine veie du til eie drømmen om en kjærlighet  
som kan lykken give deg og blive din fra nu og til evighet.  
Pike fortell meg et eventyr osv.»*

Eg beundra ein ung mann som også var elev der. Han hadde så mørkt hår at det var blått. Eg snakka aldri med han, syntest berre det var fint at han var der. Eg må nemne litt om det å gå heim frå Sletten om kveldane. Det var ein snarveg å gå over Byhaugen, men der kunne ein treffe på fulle mannfolk, så eg gjekk aldri der når det var fint ver. Men når det regna eller snøa og bles, da kjende eg meg trygg på at ingen ville sitte ute og drikke brennevin. Den andre vegen, om Hundsbeht, var trygg, men julekvelden da eg kom gåande der, var det brått ein stabbestein som reiste seg opp. Det var ei rad med stabbesteinar der. Nei så sanneleg var det ein full mann. Eg hadde heldigvis føter å springe med.

Hos Sletten slutta eg fordi eg skulle reise til Island til 1000-årshøg-tida i 1930. Dotter til Sletten, Ingebjørg, var russ det året, og da eg stod på nattruta og skulle reise, kom ho på kaien med ein heil russegjeng som ropa til meg på gamalnorsk.

Takle-heimen på Tasta var ein god heim å vekse opp i. Ikkje ein einaste gong var eg vitne til ukvemsord mellom far og mor. Det var difor eit sjokk å oppleve at andre ektefolk krangla. Far var ofte på møte. Når han kom heim, fortalde han alltid ka som hadde gått for seg, og ville høyra hennar meining om saker og ting.

Eg trur eg var vaksen før eg la merke til at både mor og eg kunne høyre når far kom heim, ca. 10 minutt før han kom for alvor. Vi høyrdet han kom opp vegen og tok i ytterdøra. Da kunne mor seie: «Nå kan eg sette på kjelen.»

Eg minnest den første gongen eg var ute lenger enn vanleg. Eg var truleg ca. 13 år og hadde vore på Byhaugen, der det var jonsokbål det

året. Eg hadde hatt det så morosamt og kom glad heim og ville fortelle. Eg kom inn, og mor kom mot meg. Ho var så rar i ansiktet. «Er du sjuk, mor?» buste eg ut. Eg kom ikkje på at ho hadde sete og vore redd for meg. Men eg fekk ikkje skjenn.

Mor sitt ansikt var uttrykksfullt. Ein morgon kom ho inn frå fjøset og var heilt kvit i ansiktet. Ho skulle rive ned høy til kyrne og tok i ein mannsfot. Ein annan gong, det var kveld, banka det på ytterdøra. Mor gjekk ut, men kom fort inn att. «Noen andre får gå ut. Det står eit uhorveleg langt menneske der.» Det var to nabogutar som sat, den eine oppå den andre, og den øverste med ein svart hatt på hovudet.

Det viste godt på mor sitt ansikt dersom det var sjukdom i huset. Men det var ikkje ofte vi hadde dokter heim.

Det hende vi fekk lus på oss. Da hadde mor eit fortvila uttrykk i ansiktet. Og det blei oppstyr med ekstra hårvask som det lukta vondt av, og kamming med ein beinkam med tette tindar.

Mor hadde sikkert ingen uvener. Da Gunhild, veninna mi, miste mannen, skreiv eg til henne, og mellom anna nemnde eg da mor døde på Tønsberg sjukehus: Vi stod der: far, Harald, Bergljot og eg. Eg kom til å sjå ut gjennom det store vindauga. Sola stod opp, stor og raud. Det var så vakkert. Himmelen bak var som eit lett slør. «Mor sin soloppgang», kom det for meg.

Gunhild svara: «Skulle noen ha ein slik soloppgang, måtte det vera mor di.»

Eg kom til å tenke på kor eg sakna heimen på Tasta den julekvelden eg var på Island. Eg hadde hatt det travelt heile dagen. Fru Eylands gjorde ingenting for at eg skulle få ein hyggeleg julekveld. Vi budde i andre etasje i den gamle bispegarden i Reykjavik. I første etasje budde Asgeir Asgeirson og frua, Gyda. Ho spurde meg om eg ville komma ned til dei, men eg takka nei. Det eg helst ville, var å sitte på rommet mitt og lesa breva heimanfrå og i tankane prøve å bli med rundt juletreet på Tasta.

Hadde eg vore litt eldre, hadde eg nok med takk teke mot invitasjonen frå fru Gyda. Det hadde vore gildt å oppleve ein ekte Islandsk julekveld. Da Island blei sjølvstendig i 1945, var Asgeir Asgeirson den første presidenten på Island.

## *Ingebjørg, fødd 14 mars 1916*

Tidleg minne: kassar med settepoteter inne på stovegolvet. Eg sprang ulovleg på kassekantane. Forunderleg blanding av fryd og redsel. For meg står det som kassane stod der lenge, men det kan ha vore ein dag eller ein kveld. Far hadde sikkert sete inne og delt poteter. Aner ikkje kva årstal dette var, men lita var eg.

Koselege kveldar. Far les høgt og me ungane leike oss med papirdokker. Me teikna og klypte ut heile familiar og laga dokkeklede i store mengder.

Før me skulle til sengs var det på do med heile flokken.

Om sommaren var det mye leikar ute: Trebonius, nummerball, brennball og roneball. Me måtte passe oss for utslagstønna ved bislaget. Langball slo me i lag med far og Harald, nabojentene og alle oss.

Varden var ein herleg leikeplass. Der hadde me fleire buplassar, leika familieliv og kom på besøk til kvarandre. Maten var sorpekaker og den slags. Me skulle vera «fine» og snakka «Tasta-tysk». Det var det same som knot.

Oppi Varden var det ein herleg bøling husdyr av store steinar. Eg hadde ein spesiell stein til hest. Den reid eg lange turar på ut i verda, sjølv om eg alltid håpte på aldri å reisa frå far og mor.

Under bading i Stokkavatnet var eg redd vatnet. Vart kasta uti av ein eller annan jypling, men syntest likevel det var spennande og moro. Lærte ikkje å symja før i femtenårsalderen etter eg var komen til Forus. Det var etter denne tid eg var med i Dusavika.

For meg står det som det alltid var mye snø og is om vinteren og mye renning på kjelke og snø og isskøyter. Snøskøytene hadde far laga. I den tida rente eg utfor alle bakkar som alle andre, så kvifor eg vart redd fart seinare, veit eg ikkje. Kanskje eg likevel var forsiktig av meg. Gå på skøyter når Stokkavatnet låg der trygt var «alle tiders»! Lærte allslags krumspring med åttetal og meir. Laga lange rekker, slik at den som gjekk sist, fekk seg ein herleg runddans.

Men det var ikkje moro den gongen far var der med ein klasse, ramla og slo hol på haka og måtte og måtte sy fleire sting. Trur det var litt mi skuld. Eg var lita og ikkje flink. Far kom mot meg og skulle ta meg, men så hende det eitt eller anna, og der låg han så lang han var.

Når me ramla på isen, var det om å gjere å få så mange «tiøringar» som muleg, og frostbrestar var både nifse og spennande.

Ein gong me var fleire i lag og hadde hatt det moro, var det noen som meinte dei såg ein «blottar» i skogkanten. Me vart frykteleg redde, fekk av oss skøyten i ein fart og for oppover bakkane. Eg såg ingen mann, men var redd likevel.

Jul: Når Åsland kom stigande i passe tid før jul, var det slakting av gris som «forestod». Ei blanding av gru og nysgjerrigheit prega oss alle, men ikkje mor. Ho viste berre gru, det var tydeleg på heile henne. Trur ikkje det hjalp at fru Hodnesdal sa ho måtte tenka på det som mat. Likevel var mor med og rørte i blodet. Me ungane måtte også det etter som me voks opp.

Baketida var herleg. Då vart eg nå skuffa unna heilt til eg vart stor, for ikkje å gå i vegen, men litt smaking vart det når ein stiltra seg ut på kjøken. Smultbaking, med Harald som sjef for fyring i ovnen og koking av ringane, haugevis av herlege brune kaker. Du og du!!

Småkakebaking i bakeriet på «Forbruken». Der var me alle med, for der var det god plass. Det vart mange fulle spann me hadde med oss heim att. Dei vart plassert oppfor loftstrappa.

Rundvasking var det som kom til slutt. Det var da noe moro med det og, flytting av møblar, og ein god følelse når alt lukta reint og godt.

Ungavasking julafta vart lenge gjort på «storsalen» på loftet. Der vart fyrt i ovnen, og stamp og varmvatn bore opp. For eit slit det måtte vera. Seinare vart kjellaren teken til det bruk.

Sjølve julafta var ein så full av følelsar at dei kan eg ikkje få ned på papiret. Det største var når døra inn til juletreet vart opna.

Å legga seg i nylaga halmadrass var som ein draum. Kor mange senger og kor mange opningar det var i veggene på loftet, vert me ikkje enige om, men at me låg to og to, må det vera fleire enn eg som meiner, for eg kunne ikkje ligge «to og to» åleine!

Veggball i gangen. At mor heldt ut?! Der samlast me som regel ein heil skokk, særleg i regnver. Hoppa og trampa i golvet og dunka i veggene.

Vårarbeidet tok til med steinplukking. Det står for meg som eg gjekk der og plukka åleine heile tida. La steinane i små dungar, som seinare vart henta med kjerra. Bortkasta arbeid kunne ein tenke, for neste vår var der like fullt.

Under pløying og hypping hende det eg måtte styra hesten. Ein gong under pløying, eller kaskje det var for slåmaskina, vart det brukt to hestar. Den eine var lånt av Enevald. Det var litt av eit styr med måkeskrik og leven, frykteleg spennande!

Høyonna bestod av raking, såtesetting, og i finver utoverkasting. Vart det da fare for regn, var det full fart med såtesetting att, dersom det ikkje var så turt at me kunne få det i løa.

I høystålet hadde me det moro, men travelt. Ein gong gjorde eg kollbøtte rett utfor og slo meg, så det vart slutt med arbeidet for den dagen.

Når toreskyene kom veltande svarte innover Stokkavatnet, vart det ei urolig stemning i huset. Mor fann seg ein stol i ei krå, og der samlast dei fleste. Begg, far, og eg likte å stå i glaset eller å gå ut og sjå på lyna, men det likte ikkje mor.

Mitt arbeid i potetopptaket må ha vore å bera potetene inn i kjellaren. I alle fall er det det eg verkeleg hugsar. Bøtta etter bøtta, og kor mye ein bar inn, auka haugen ute. Sikkert fordi dei ute var meir effektive, -kjerrelass etter kjerrelass. Til slutt vart det fullt i potetkjellaren, heilt opp under taket.

Etter kvart som dei eldre for ut, var det stas når dei kom heim, åleine eller i lag med vener. Da Harald kom heim som gardist, var det ekstra stas. Me ungane syntest nok uniforma var «alle tiders». Fekk prøva lua og kjærteikna den fine dusken.

Likte ikkje at Hjørdis for til Island, men så var det ekstra stas da ho kom att. Da var eg konfirmert og plassert på Forus.

Ferdig med Tasta.



## *Borgny, fødd på Tasta 23 april 1919*

Korleis skal eg starta på dette tilbakeblikket frå barndommen på Tasta? — Eg får vel ta til med det aller første eg hugsar, eller som eg påstår at eg hugsar. Alle dei eldre søstrene mine flirer og påstår at det er heilt uråd at eg kan minnast dette, for eg var berre eit år då eg hadde lungebetennelse. Men det har i alle år stått heilt klart for meg at eg låg i den høge vogna og at det millom dei som stod rundt meg, var ein mann i kvit frakk. Biletet er så klart at det er det same for meg om det har laga seg av det eg har høyr, eller om det verkeleg går an å feste eit bilete i så tidleg alder.

Det neste eg er heilt sikker på at eg hugsar, er eit rundt spann som eg lærte meg bokstavane på. Mor og dei andre fortalde at eg då var to år, og at det var eit sildespann som stod på kjøkenet. Men kva tid eg lærte å lese veit eg ikkje, berre at det var tidleg.

Eg har vanskeleg for å hugse når det eine eller det andre hende, trur berre at eg så nokorlunde kan seie om det var før eller etter at eg begynte på skolen. Veit berre at eg gjorde mye gale både før og etter, og at det ofte var Ingebjørg som fekk skjenn når eg hadde vore ute for eit eller anna. Ho hadde kan hende fått i oppdrag å passe på meg og tok dette svært alvorleg, for eg forstod at ho grua seg for å komme heim. Eg hugsar spesielt ein gong, akkurat ei veke før eg skulle begynne på skolen, at me var i smia inne hos Djøseland. Der hadde dei hengt ei jernstong opp mellom to hus i taug. Ingebjørg og Bergljot Djøseland hadde sagt frå at eg ikkje måtte henge meg i stanga når dei var der, for då vilde ikkje tauget halde. Men freistinga var for stor og eg hoppa opp i stanga med det resultatet at tauget rauk. Ingebjørg og Bergljot klarte å komme ned på beina, men eg fall bakover og «slo håll i håvet», som dei sa. Eg vakna på ein benk inne i stova hos Djøseland og hugsar at eg var temmeleg fortumla på vegen heim, og at Ingebjørg grua fælt for kva dei kom til å seie heime. —

Det verste for meg var at eg ikkje kunne greie håret skikkeleg då eg skulle på skulen ei veke seinare!

Eg tenker ofte på korleis det måtte vera for mor når vi kom heim våte og skitne etter å ha leika i søle og skitt. Det var så mye vi syntest var moro, som å leike i bekken nede i Gamlevegen, med båtar som var laga av ei fjøl. Ein spikar og ein hyssing. Vi hadde ikkje akkurat regndressar i den tida. Eg lika godt å plaske i søledammen og lage surpekker som vi leika med i «butikken» som låg oppe i Varden, på flata under

det fine utspringet i fjellet, som nesten danna eit tak over leikestova. Der i «butikken» handla vi med alle slags «varer», potteskår, steinar og alt vi fann som vart verdsett til så og så mange «ører». Surpekakene hadde ei eiga avdeling, og var svært viktige.

Oppe på sjølve Varden låg mange store steinar som vi laga om til forskjellige slags dyr som vi reid på og reiste langt av stad og hadde det veldig fint. Det mangla ingen ting på fantasien!

Varden var i det heile ein fantastisk leikeplass med skogen og alt det spennande som kunne skje der, og eg følte meg alltid fri der oppe, med utsikt i alle retningar, utover havet, Gansfjorden og Lifjella, Jæren og byen og innover Ryfylke med snøklede fjell. - Eit minne må ha festa seg svært tidleg, og det er kransen av blømande kirsebærtre framfor huset heime, som tok seg så vakkert ut når vi stod på Varden.

Kirsebærtrea var også årsak til mang ein feide med far. Eg var forskrekkelig glad i å klatre, og av og til hadde vi moro av å sjå kven som torde klatre høgast opp, og så sleppe seg ned frå greina. Da hende det at eg hang i ei grein som var for svak, og som brakk. Det var same sorga kvar gong, og eg går ut frå at eg lova bot og betring!

Trea spela ei stor rolle i heile oppveksten. Vi la staur og stenger mellom greinene, ein staur forholdsvis langt nede, som alle kunne komme opp på, og ein høgare oppe der vi kunne entre fram og tilbake, svinge oss opp på stonga og foreta alle slags sving og kunster. Og så var det almetreet ovanfor låven, som eg alltid syntest var kjempestort. På stammen spikra vi på små lister som vi brukte som trapp, og så laga vi hytte oppe i treet. Dit tok vi med dokkene og andre leiker og hadde det fint.

Eg hugsar to ting betre enn mye anna frå den låge stonga og klatring i same treet. Det eine var da eg påstod at eg skulle klare å svinge meg så fort baklengs at eg skulle komme ned på føtene, utan å halde meg. Dei som stod rundt meinte at det ikkje kunne gå an, og dei fekk rett! Eg ramla ned på ryggen og slo meg halvt i svime. Det verste var at ingen syntest synd på meg.

Det andre som eg aldri gløymer, var ein søndag. Mor hadde strikka ein nydeleg raud genser i blondestrikk, og Kirsti hadde sydd eit blått foldeskjørt. Eg syntest eg var fantastisk fin, og hadde sikkert ikkje tenkt å klatre i noe tre. Men det enda med det likevel, og så skulle eg akkurat den dagen ramle ned og rive ein stor «vinkel» i det fine foldeskjørtet. Det var ei ulukke så stor at det lar seg ikkje beskrive! Enno får eg ei kjensle av noe uoppretteleg når eg tenkjer på det.

Noe eg syntest var veldig stas, var at mor sydde ei «buksedrakt»

med korte bukser og strikk nede av ein kvit striesekk. Den var svært klatrevenleg, og så var det det at ingen hadde maken. Eg veit ikkje om det var noen som misunte meg drakta, og mor meinte vel at det var det einaste som kunne spare henne for ekstra reparasjonsarbeid. Eg syntest det var eit herleg klesplagg!

Eg var skrekkeleg mørkredd, og i huset vårt var det mye som var skummelt! Og det var vel ikkje fritt for at dei som var eldre skremde oss både med spøkjelse og andre nifse ting? — Oppe på «svåli» var det mye nifst som sjulte seg bak kassar og opphengde klede, for ikkje å snakke om det som låg og lurte oppe på «høgaloftet»! Eg trudde alltid at der oppe måtte det gøyme seg mange spennande ting, og eg ville så gjerne komme dit opp om dagen når det var lyst og ufarleg. Men det var vanskeleg å komme seg dit opp når ein var liten.

Det verste var at ein måtte opp den mørke trappa og gå gjennom svåli for å komme til soveroma, og det var svært viktig å få noen med meg når eg skulle legge meg. Det hende eg let som eg sov nede i stova slik at far måtte bere meg opp i senga. Det syntest eg var fint, men hadde nok ein mistanke om at dei ikkje trudde så mye på den søvnen!

Vi kan vel ikkje påstå at det var romsleg der oppe på loftet, men plassen var godt utnytta, og det var heller ikkje snakk om å ha kvar si seng. Det var nært og godt og varmt å ha noen liggande ved sia av seg.

Ei tid hadde vi halmmadrassar, og eg hugsar den fine følelsen til jul når madrassene var fylte med ny halm, høge og fine og lukta godt. I dag er det mest utruleg å tenke på at slik var det verkeleg den gongen, og at vi har opplevd det.

Blakken er den første hesten eg hugsar vi hadde, og det var stor stas å få sitte på ryggen saman med far eller Harald, eller krype mellom føtene, eller rettare under magen på Blakken.

Men ein gong var eg ille ute. Helga Hodnesdal, Maggi og eg hadde vore med far innover eit ærend, og på heimvegen skulle far innom smia. Han bad meg halde taumane medan han var inne. Eg gjekk ut or kjerra, men Helga og Maggi vart sittande oppi. Så begynte Blakken å gå bakover, kanskje hadde eg komme til å dra i taumen, det veit eg ikkje, men i alle høve fortsette hesten å gå bakover same kva eg gjorde, og plutselig gjekk kjerra utfor vegen! Først såg det ut som alt ville vippe heilt rundt, men så klarte Blakken å vri seg ned på beina og la på sprang nedetter myra med dei to oppi. Heldigvis heldt dei seg godt fast i kjerresetet og hylte og skreik, så alle kom springande ut frå smia. Det må ha vore litt

av eit syn for far, og eg trur nok han bebreida seg sjølv for å ha overlate taumane til meg.

Lenger nede på myra var det plutselig slutt på den ville ferda, for det var blaut myr der Blakken sokk nedi til oppunder buken. Så var det å få hesten opp og hente dei to vettskremde jentene ut or kjerra. Det var faktisk fleire mann til dette, og eg har ofte tenkt på kor forferdeleg leitt det må ha vore for far.

Naboen vår, Håland, klarte ikkje å halde oss søstrene frå kvarandre. Det vart fortalt at han kalla meg for «ho med perletennene». Men perletennene vart det også ein brå slutt på. Det var vinter og snø, og eg hugsar at Harald sette meg på kjelken oppe ved Varden og skuva meg i veg. Eg hadde ikkje vett til å styre eller stanse og rente rett i steingjerdet nede ved vegen med det resultatet at eg slo den eine framtanna blå. Så det var det! Ein annan gong hadde Harald og Nils Ramsfjell laga eit hopp i bakken, og så lokka dei meg til å renne på kjelke utfor hoppet. Eg så gjorde, og slo pusten ut av lungene. Den følelsen av ikkje å kunne puste på ei lang stund, og ikkje få ut ein lyd så eg kunne rope om hjelp, gløymer eg aldri! Same kor lita eg var den gongen, så var eg sikker på at eg kom til å døy. Og det aller verste var at Harald og Nils stod og skrattlo!

Lenge før eg var sju år fekk eg bli med på skulen i Hjørdis sin klasse. Ho hadde far til lærar, og eg trur eg vart «dulla» med av Hjørdis sine veninner. Randi Jøssang var eg spesielt godven med, og da eg kom til Oslo i 1940 og skulle immatrikulerast ved Universitetet, vart eg beden opp til henne der ho var bestyrarinne ved ein heim for «pene» damer, og der vart eg stelt svært godt med.

Minnet om Hjørdis skil seg ut frå dei andre søstrene på fleire måtar. Synest eg ser henne komme stormande ned markene frå Varden med det viltre håret som ein krans om hovudet og agerte hest! Og så, da ho stengde seg inne på rommet for å skrive ein roman, og mor var veldigt bekymra for henne. Ho hadde låst døra, og om det er rett eller ikkje, så hadde eg ei kjensle av at ho ikkje ville ha mat eller drikke. Og så alt det eventyrlege ho fortalde da ho kom heim frå Island! Det var så levande at eg syntest seinare å ha opplevd både det eine og det andre derifrå, og «Disa-sangen» er det den dag i dag knytt spesielle kjensler til.

Eg hadde gledd meg til å begynne på skulen, og den første skuledagen var spennande. Eg vart «forelska» i den største guten i klassen. Han heitte Marton Høye og budde i ei lita stove nede i Dusevika. Han var både

fin og grei, men du store min, da eg oppdaga at han hadde vanskeleg for å lære bokstavane, varde ikkje den forelskelsen lenge!

Og skulen vart i det heile ein stor skuffelse. Eg hadde vore lesedyktig lenge, og så måtte eg sitte der og høyre på at dei måtte lære å stave. Eg kjeda «livet av meg», og slik var det gjennom heile barneskulen. Det gjorde sitt til at eg ikkje lærte å arbeide med lekser og slikt i det heile, og det var mye eg måtte ta igjen da eg kom opp i gymnaset. Ei anna årsak til at eg ikkje gjekk inn for å kunne leksene betre enn dei andre i klassen, var at eg stadig fekk høyre:»Minsti for deg,- far din er lærar»!

Seinare, da vi var komne opp i dei høgare klassane, var det ganske hardt å late som ingenting når ein flokk frå klassen stod nede på vegen og ropte på meg at eg skulle komme ut. Eg visste at det hadde eg ikkje lov til, men hadde veldig lyst til å bli med dei utover vegen og få rope og skrike litt eg òg! I staden let eg som eg ikkje høyrde noe som helst, og konsentrerte meg om det eg heldt på med. Men da eg kom opp i konfirmasjonsalderen var eg ikkje alltid like lydig. Men du'a meg så vondt samvet eg hadde når eg kom seinare heim enn lovleg og stiltra meg inn. Da hadde eg kan hende vore ute på Høye hos Matilde. Ho hadde ein bror som var to år eldre enn oss, og det var jo spennande. Og så hadde dei grammofon! Tenk det!

Det vi hugsar best, er nok alt som var moro og gildt, men av og til dukkar det opp minne som eg ikkje minnest med glede, t.d. om hausten når potetene skulle berast ned i kjellaren. Vi var ikkje store før vi måtte bli med på det, og far var streng nok. Potetlassa vart tømde ovanfor kjellartrappa, og potetrommet var lengst inne i kjellaren, så det var ein tung jobb å bere potetbøttene dit. Og så den håplause følelsen av at det aldri tok slutt på potethaugen der ute! Når det tok til å minke, kom det eit nytt lass, så haugen var like stor.

Eg må nok tilstå at eg ikkje sette stor pris på å ligge i åkeren og luke heller, eller vere med på å ta opp kålrabi ein kald og sur haustdag. Det var mang slags arbeid vi måtte ta del i, men eg trur ikkje at eg hadde vondt av det på nokon måte.

Det er uendeleg mye meir eg kunne ta med, — kunne visst sitte her og skrive i det uendelege. Det er tusen ting som dukkar opp i minnet når ein først tek til å tenkje tilbake. Juleselskap med huset fullt av vener og naboar, når eldre søsken hadde selskap med jamaldringar og dei hadde alle slags leikar som var spennande for oss som var mindre.

Det var mange slags uteleikar: som å slå ball, roneball, veggball, slå på pinne, tikken, «trebonnius» og mye, mye meir. Og alle naboungane

var hos oss når vi leika.

Far sitt sangkor i bestestova, når eg låg flat på golvet med øyra inn-til dørsprekken for å få alt med. Og så far som las høgt om vinterkveldane, og eg spissa øyra når han senka stemma, for da visste eg at det var eitt eller anna eg ikkje skulle høyre, og derfor noe ekstra spennande. Eg trur eg fekk med meg det meste av Olav Duun på den måten, og kvar gong eg les noe noe av han, høyrer eg far si røyst.

Ein ting er sikkert, — at vi hadde ein rik barndom på dei aller viktigaste områda i livet, sjøl om den materielle rikdommen ikkje var så mye å skryte av.

## *Magnhild Eldbjørg, fødd på Tasta 17 desember 1921*

*(Oppkalla etter farbror Mons og kona hans, Elida. Dei var til da barnlause, men like etter vart ho gravid, og dei fekk sitt einaste barn, ei jente.)*

Eitt av dei første minna eg har av livet mitt, er ein kjole som var vaska og hang på snora. Men eg ville ha den kjolen på meg. Det fekk eg ikkje, og skreik så fælt at halsen var sår, men måtte nok gi meg.

Var vel litt eldre da eg hadde ei sovedokke, som eg har trudd eg fekk hos Harald. Dokka miste både hår og auger, og etter det trur eg ikkje eg hadde noe større interesse av dokker. Når eg leika med dokker, var det helst fordi det var andre som ville det. Da var det mye kjekkare å leika oppe i Varden, særleg i den hola med steinbord og stolar. Oppe på flata var det steinar som kunne vera litt av kvart, frå kyr og hestar til elefantar og løver. Av og til var det sirkus.

Eg hadde eit «syn» der oppe ein gong. Siggen og eg leika heilt oppe i skogkanten. Innimellom trea såg eg det stod ein «riddar» til hest, i full mundur. Eg sprang vettskremd heim. Eg veit ikkje om Siggen såg det.

Så minnest eg den første gongen eg fekk høyre at namnet mitt ikkje var Maggi. Eg blei sint og gjekk inn til mor. Ho kunne jo berre seie at dei hadde rett. Eg var så såra at eg sette meg i ei krå, og ingen kunne fått meg ut igjen.

Eg var redd dyr, heilt til me fekk Bitten (ein dverg-buhund). Til og med kattane skremde meg.

Det aller verste var da Svanhild brende seg (fekk ein kasserolle med kokande vatn over seg). Me var på Forus hos Harald. Kirsti ville sende meg etter Harald og far, som var langt nede ein stad, men mellom dei og meg var det to store hundar, og eg våga ikkje å gå. Trur ikkje eg forstod alvorret i situasjonen.

Ein gong hadde Siggen og eg ein geitebukk som sprang etter oss rundt heile hagen, før me kom oss inn. Tru om det ikkje var Hjørdis som redda oss? Så var det lensmannen sin hund, som alltid var med Harald når han kom heim. Eg fekk aldri lov å gløyma ein gong hunden var utfor huset. Me var noen jenter som var redde og sprang inn i uthuset. Da Ha-

rald tok hunden med seg ned i kjellaren, ville me nytta anledningen til å springa inn. Eg var som vanleg sistemann og kom bare halvvegs da hunden kom i full fart tilbake og skubba meg over ende. Da Harald sa at hunden ikkje hadde bite meg, sa eg at han hadde slått meg med nebben. Det fekk eg høyra igjen mange gonger. Me likte visst godt å «egla» kvarandre. Eg vart egla for ein som heitte Audun. Det skulle ha vore moro å vita opphavet til det, for eg kan ikkje minnst at eg hadde vore saman med den guten. (*Hjørdis: «Han var son i ein lærarfamilie som var på besøk hos oss ein gong.»*) Bare dei sa namnet, var det nok til å få meg til å grina. Heldigvis var det ingen som kom på å egla meg med Salve Hus-ebø. Me var som regel svært gode venner, i alle fall opp til 12-13-årsalderen. Trur ikkje han var der så ofte etter den tid. Han var nevø til lensmannen, som var naboen vår.

Så kom tida til å gå på skulen. Den dagen eg skulle skrive meg inn, be-svimte eg da mor heldt på å kle på meg. Men eg vart nok innskreven, og eg minnst den første skuledagen. Ingebjørg hjelpte meg til rettes og pla-serte meg på ein tomannspult saman med Edit Dybsjord. Me var dei to yngste i klassen, og sikkert dei to blygaste òg, så me passa godt godt sa-man.

Eg kjente jo frk. Hognestad på førehand, men ho var liksom ei anna i skulestova (svært spydig!). Eg hadde strev med å skrive med høgrehan-da, og var eg så uheldig å ta blyanten i venstre, sa ho eg kunne gå og set-te meg med Njål Sjøtun. Han var òg «keivhendt» og sikkert den dum-maste i klassen. Den måten han vart behandla på av både frk. Hognestad og Resi må ha gjort skulen til eit helvete for han. Alltid vart han gjort narr av.

Dei to åra Hodnesdal hadde klassen, var det ganske gildt å gå på skulen. Men så kom fire år for Resi. Å seie at det var kjedelege år er mildt sagt. Det meste av tida gjekk med til at den eine eleven etter den andre ramsa opp det me hadde i lekse.

Men så hadde han ei og anna sinne-ri. Ein av gutane, Einar Lei-kvoll, vart hundsa så kraftigt at han måtte vera borte frå skulen minst ei veke. Hadde visst fått litt av ein hjernerystelse. Og det fordi han torde seie frå at han ikkje forstod rekninga. Det var vel det same med heile klassen, så mye lærte me så visst ikkje. Mye av tida gjekk med til teik-ning, kopiering av ting han sette på kateteret.

Men det var skule berre annakvar dag, så det var tid til mange andre ting. Det ser ut for meg som det var hos oss me samlast for det meste. Ofte var det «trebonnius», og så «Svarta trollet» når det tok til å bli mør-



kare om kveldane. Da ville me heldst ha «dei vaksne» med oss. Særleg spennande var det når Harald var med. Han var eit ubeskriveligt troll.

Eg må ha vore svært «nøben» i tidleg alder. Sa alltid nei takk når eg vart bydd mat hos Ramsfjell, for han sleika ofte på kniven, som òg var brukt i smør og andre ting.

Det var ekkelt å få skitt på fingrane. Det hindra meg sikkert i mye moro.

Me kunne ikkje ha vore så store da Guri ein gong skitna seg i buk-sene. Ho gjekk til mor for å få hjelp, og eg var heilt indignert over at mi mor skulle ta noe «sånt». Men fru Ramsfjell var vel på torget!

Å hjelpa til med luking og andre ting som hadde med jord å gjera var ingen fornøyelse. Eg prøvde alltid å komma meg vekk før far kom heim fra skulen, sjølv sagt med mors tillatelse. Det kunne eg ikkje dersom han hadde sagt frå før han gjekk på skulen.

Episodar utan rekkjefølgje: Siggen og eg vart overfalne av Johannes og Kristian Bårdsen med snøballar og snøvasking. Da kom Ingebjørg og redda oss. Johannes fekk visst retteleg juling. Det er fortalt at ei av lærarinnene stod ved vinduet hos oss og såg heile episoden, og fryda seg!

Eg var visst nokså godtruen og gjorde ting som Borgny lokka meg til. Ein gong stod me på stolar ved bufeen. Der låg noen småpengar. Me hadde ein kvar, i hendene. Da noen var på veg inn, sa Bogga at eg skulle putta pøngen i munnen, og så at eg skulle svelgja han. Eg lystra ordre. Trur ikkje det vart oppdaga.

Ein dag var me i bakken oppfor skulen og rente på kjelke. Bogga ville sjå kva som hende om me rente på skulethuset. Eg skulle sitte framme, for ho meinte at den som sat bak, var den som kom til å detta av. Eg vakna opp på benken inne med ein stor kul i panna.

For meg verkar det som dei eldste i familien var heime berre i sommar- og juleferiar. Begg var den som stod for storreingjeringa og sydde klede. Kirsti sydde visst òg mye, men mest før eg kan hugsa. Når ho var ventande heim, skulle alt vera i orden, og da måtte ekstra mat til, sånn som meierismør og franskbrød og mye anna. Det var jo stas, for når det regnar på presten, dryp det på klokkaren.

Ein kveld me skulle legga oss, hadde Bogga gløymt å gå på do. Ho sette baken ut kottvinduet. Mor ropte opp og spurte ka som gjekk for seg. «Eg tømmer ut vatn,» sa Bogga.

Ein dag fann Salve og Jakob på at dei skulle sjå kven som kunne pissa høgast på veggen. Min første lærdom i kjønnsanatomi, og stor for-

undring. Men eg forstod ikkje at det var same «instrument» som var bruka for å lage ungar. Hjørdis var den som opplyste meg om det. Me var på Forus da eg spurte henne. Ho sa: «Mannfolka bruker det som ser ut som ei pølse.» Måten ville ho ikkje inn på. Seinare gav Kirsti meg ei bok om planter og dyr.

Til me fekk eigen radio gjekk Borgny, Svanhild og eg til Maren og Enevald for å høyre barnetimen om laurdagen. Me fekk alltid noe å kosa oss med. Å gå ærend til Maren hadde ingen noe i mot. Ho var verdas beste menneske.

# *Svanhild Urdahl, fødd 23 august 1926*

*(Oppkalla etter bestefar si søster: Sofie Urdahl)*

## **Minne frå barndommen**

Det aller første biletet som har sett seg fast hos meg, er at eg ligg på bordet i stua. Eg har gjort på meg, og mange ungar står rundt, ikkje bare søstrene. Mor og far var sikkert ikkje heime. Eg trur det var litt forvirring når det galdt vasking og bytting. Eg har ikkje fått dette «bekrefta».

Det neste minnet er frå Lura. Eg låg og krabba på golvet og såg ein leidning som måtte vera fin å «huske» på. Fasongen på den ser eg tydeleg for meg.<sup>1)</sup> Så sat eg på mor sitt fang i eit teppe. Om køyring og ankomst til sjukehuset har eg ikkje noe minne. Mor og far kom ein gong, og eg skreik da dei gjekk. På ein eller annan måte hadde eg greie på at dei noen gonger stod utafør vinduet.

Ein gong eg hadde gjort i senga, blei eg flytta bort i nábosenga mens dei bytta på mi. Der låg ei som hadde hatt hofteoperasjon og låg i gips med beina rett ut.

Noen av ungane var rampete.

Ein gong sette dei eit skjerm Brett ved ei seng. Dei sa den som låg der, var død.

Eg grua meg fælt til bandasjebytting. Elles minnest eg ingenting om smerter.

Eg fylte fire år på sjukehuset, og fekk presangar. Da eg skulle heim, fekk eg ikkje med det som var mitt, men noe anna. Eg fekk i alle fall med meg ei biletbok som Maggi og eg klypte «dukkeliser» frå. Vi trudde nok ikkje det var lov, for vi gøymde oss unna. Før eg klarte å gå igjen, blei eg køyrt i ei sportsvogn. Lisbeth Stangeland sat òg i vogn. Det var vel noen andre som fekk køyre, for ho skreik: «Boggi søra.» Dei første skritta eg tok, minnest eg godt.

Eg likte aldri når Kirstina «på sjukehuset» kom og skulle sjå arra mine.

Eg har eit svakt minne om at det var Siggen som skulle passa meg ein gong eg datt oppi Varden. Eg slo nasen min.

Huset heime hadde den skumle «svåli». Eg var så redd det kunne vera noen bak kleda som hang der. Ein gong vi skulle legge oss og eg gjekk fremst, syntest eg eg såg ein bjørn. Eg fór bakover og velta dei andre.

Oppe på hemsan trudde eg det var mye spennande, som eg fantaser-

<sup>1)</sup> Ein tilleggsopplýsning: Då Svanhild kom til å dra i leidningen, trakk ho med seg ein kjele full av kokande vatn som ho fekk over seg. Ho ble ille brent og kom på Dr. Dahls klinikk i Stavanger der ho lå i mange veker.

te om. (Det var ikkje så spennande da 2. etg. blei riven ned).

Eg klarer ikkje å få klart for meg kor mor og far hadde soverommet sitt i det gamle huset. Eg er sikker på at dei låg i den eine alkoven ei tid, for når far var borte, fekk eg lov å ligge hos mor, og så bar far meg inn i mi seng når han kom heim.

«Mørkaburet» var ein kjekk plass som kunne brukast til mangt. Dei andre (eg var vel bare med «på kjød og flesk») hadde foreining, og noen gonger heldt dei til i mørkaburet. Der lærde eg å strikke. Det står for meg at Guri hjelpte meg.

Eg var veldig redd torever, men det var litt koseleg òg når alle, med unntak av far, samlast i bestestova. Det var alltid kjekt når vi måtte innrette oss litt annleis enn vanleg. Det måtte vi t.d. når det var storvask eller golv skulle lakkast, eller vi var mange og måtte ligge på flatsenger.

Det der med å vera mange heime var noe særskilt. Det var så moro når venner var med, og vi heldt alle slags selskapsleikar. Når alle kom heim til jul, var det himmerike. Det var ein ekstra atmosfære før jul, når alle gjekk for seg sjøl og var så hemmelegheitsfulle. Men det var ikkje så kjekt når eg ikkje hadde noe å gje. Da hende det at eg ein gong fann Bogga sin tøysau på golvet. Den pakka eg inn og fekk Kirsti til å skrive utapå. Det måtte jo bli Bogga som fekk han. Ho blei vel kanskje litt skuffa.

Det var eit stort augeblikk når vi endeleg var ferdige med julemidagen og dørene til juletreet blei opna.

Hos Ramsfjell må det ha hendt noe ein gong, men fantasien min har vel gått litt løpsk. I alle fall ser eg for meg at vi sprang rundt bordet med ein bukk etter oss. Han var blitt berusa av gjæra tomatar. Ein hane var òg involvert.

Hos Maren var det alltid kjekt å vera. Vi høyrde barnetimen der, før vi fekk radio. Vi hadde krystallapparat, som Harald hadde laga, men det var ikkje så lett når vi var fleire. Ein gong hadde vi teltet på golvet. Der sat vi og måtte bytast om å lytta. Noen gonger høyrde vi barnetimen hos Alfred.

Når mor skulle rulla klede, gjekk vi til Maren. Den store rulla stod rett opp i 2. etg. Eg var med for å sveive. Det måtte eg når far skulle slipe òg, hos Hodnesdal. Det lika eg mindre.

Det var skummelt når vi leika «svarta trollet» om kveldane. Eg var herleg redd! Men så måtte eg inn før dei andre.

Eg streva med å skrive namnet mitt. S-en ville bare bli bakvend.

Da eg skulle skriva meg inn på skulen, sat eg ved bordet og leika meg med knappar. Maggi var ein litt stor, brun ein, og eg ein mindre,

grøn. Karina kom. Ho skulle ha følgje med oss.

Den første tida på skulen lo dei av meg når vi skulle halde «Vi hopper opp. Vi hopper ned». Eg hoppa visst litt rart.

Dei første åra på folkeskulen har eg ikkje noen særlege minne frå. Da vi gjekk for far, var eg alltid redd han skulle bli sint på noen. Eg var på vakt overfor ei viss rykking rundt munnen.

Ei tid var eg mye i lag med Lisbeth Stangeland. Vi hadde leikestue på Varden. Der syntest vi vi hadde det fint, med flotte surpekaker og greier, og vi ville ha selskap. Vi bad dei andre jentene: Signy, Anna, Gerd og Karina. Dei kom, pynta og fine. Vi hadde nok gløymt å seie ka slags selskap det var. Mor stod i kjellaren og vaska klede. Ho blei nok litt forundra da dei kom og spurte etter meg. Ho måtte jo seie at vi var på Varden.

Det tok til å regne. Vi måtte springe inn. Gerd mista angorahua si i søla. Eg trur mor fann fram noen epler til oss.

Når Jakob var hos onkelen (lensmannen), kom han ofte til oss. Ein gong trakka vi på noen reine klede som låg til bleiking. Vi oppdaga noen i vinduet og kom oss vekk. Det merkelege er at eg trur dei lo, og vi fekk visst ikkje noe skjenn.

Jakob viste meg kor langt han kunne tisse. Eg var mektig imponert, og syntest det var ein lur innretning. Mange år etter var eg svært sjenert da han stod og snakka med Maggi.

Eg var fæl til å rote. Dukkellisene mine kunne bli ganske talrike. Ein gong eg var sjuk (da låg eg i kammerset), bad eg til Gud at dei skulle bli levande, og låg berre og venta på at dei skulle begynne å gå rundt i senga.

Ein gong Maggi skulle hjelpe mor med reingjering, blei ho irritert på alt rotet mitt og slengde dukkelisene mine i golvet. Ho fekk visst skjenn og skulle gå på butikken etterpå. Eg stod i vinduet og såg at ryggen såg lei seg ut, og eg hadde elendig samvit.

Da Kirsti var ferdig tannlege, ville ho sjå på tennene mine. Eg ville ikkje, og ho måtte springe etter meg. Ho brukte gyngestolen og trøboret i «bestestova». Sidan var eg ikkje redd.

På Bryne lytta vi (Karina var med meg) på ungar som skreik, og syntest dei var pysete.

Eg leika mye med Reidar Time og litt med Fritz Røed. Han hadde trøbil, men var ikkje noe snill til å låne han bort.

Ein gong reinska dei «Ånå». Der var fullt av ålar. Reidar sprang etter meg med dei ekle krypa.

På Lura kom noen ungar som budde like ved. Når eg blei lei av dei, sa eg at eg skulle sleppe laus hunden Sport. Han var eg ikkje redd, men schæferen Varg var eg veldig redd, og eg kraup opp på kjøkenbenken når Harald tok han med inn.

Eg var med i bryllaupet til Håkon og Marta på Takle. Mor og eg reiste med båt. Eg vakna i lugaren, mor var ikkje der, og eg blei livredd og trudde ho hadde reist frå meg, — grein vel da eg kom opp på dekket der ho stod og prata med noen gamle kjente.

Ute på Takle heldt eg på å springe om halsen på Hans farbror. Han var så lik far. Da blei eg flau.

I bryllaupet var eg livande redd da Harald var med og stal rømme-grautgryta. Eg trudde han gjorde noe veldig gale. Om natta blei det gjort mange spilloppar, med hane på rommet til brudeparet, og ei stor hakke-maskin dei drog opp i 2. etg. Ivar Olav sine klede blei hengde ut på ei snor.

Medan vi var på Takle, kom det bod om at Hans morbror var død, og eg måtte bli med til Luster. På Kleivi somna eg på kjøken, og Per bar meg opp på loftet og la meg i senga.

Dagen etter såg eg mor og Brita moster forsvinne opp på løa. Eg sprang etter — og der stod kista. Eg såg ein spiss nase og bartar og sprang vekk. I gravferda var det grueleg dystert. Kista, og fullt av folk i stua — song og preik. Eg ser for meg at kista blei køyrt på ein slede, men det måtte vere ei låg kjerre.

Etterpå var det kakeeting.

Sigurd sprang etter meg med ein kattunge.

Dei var der frå Flahammar òg. Dottera der var noe eldre enn eg. Eg hadde fått greie på at ho ikkje fekk vera saman med andre ungar, og det syntest eg var underleg.

Ein gong eg kom inn i stua, sat mor og grein. Det var reine sjokket for meg, og vanskeleg å forstå at mor skulle grine. Eg for ut igjen, og trudde visst verdas ende var nær. Eg trur mor hadde vondt i hoftene eller føtene.

Ei jul var Begg julenisse. Eigentleg var eg klar over det, men var likevel redd. Eg fekk dokka Evelyn, som Begg hadde laga, med bunad og bunadsko. Ein gong seinare hadde Bodil Bøe fått låne Evelyn og lagt henne frå seg på muren. Hunden Freia reiv sund klede og sko og laga hol

i hovudet. Da gjekk eg i uthuset og grein. Noen år seinare hadde eg 2 kr og fall for fristelsen til å kjøpe sovedokkehovud med hår. Mor lurte på at eg hadde hjerte til det. Det var vel dyrt.

Utanom Evelyn hadde eg Maggi si Ragnhild og Bogga si Astrid. Martin var eg svært glad i. Han var strikka og hadde stor, smilande munn og lang hale. Men flink på skulen var han ikkje. Evelyn var den flinkaste. Eg laga små skrivebøker. For dei flinke skreiv eg så fint eg kunne, men i Martin si skreiv eg med keiva. Eg måtte vel vera *Ulfarðar* eg fekk den store babydokka hos Kirsti til jul. Den heitte Earl (eg hadde vel blitt interessert i filmstjerner da) og var veldig fin. Eg fekk garn òg, så eg kunne strikka. Det var kjekt å laga strikkemønster. Det var bare det at når eg strikka, blei plagga så altfor stramme. Ein gong fekk eg eit dokkehus laga av ein appelsinkasse.

Ein forferdeleg skuffelse var det da Kirsti kom heim frå Oslo og hadde sydd ei nydeleg drakt av ruta taft med snorer i livet og ein fin kvit bluse til, og så var drakta for lita!

Da Hjørdis kom heim frå Island, synest eg vi stod og venta nede ved vegen. Eg var veldig spent, for eg var jo ikkje stor da ho reiste. Ho hadde så fine ting, med perler og måling på tøy, og så var det den fine songen om Disa, som eg trudde var laga til henne. Ein annan sang var det òg, noe sånt som: *Baby o baka, ou tidlom kvaka*». (Det var nok ikkje rett.)

Ein gong — det var vel kanskje før eg hadde begynt på skulen — blei eg bedd i selskap til Åse Sletten. Du all verda så sjenert eg var. Vi heldt kviskreleiken, men ikkje tale om at eg torde kvskre til sidemannen min.

Eg fylte ti år da lærarbustaden blei bygd om og vi budde på skulen. Eg hadde selskap. Var lei meg, for eg syntest eg var blitt grusomt gammal — halvveges til 20 år. Eg kan ikkje sjå for meg kor vi sov da vi budde der. Eg synest Hjørdis kom med Bitten da vi budde på skulen, men truede eg var mindre da.

Ein gong var det ein mann som sa han skulle ta med seg Bitten. Eg stod med hunden bak huset til han var reist sin veg. Når Bitten fekk ungar, sat eg hjå henne. Ein gong låg ho i hestebåsen. To kvalpar heitte Knoll og Tott. Eg køyrde dei i dokkevogna — ein kasse oppi dei store barnevognhjula. Freia var snill. Ho var kanskje ikkje så pen, men klok var ho. Når hanhundane sverma rundt Bitten, ville ho få dei vekk. Men ho fekk ungar sjøl og. Ein gong hadde dei begge ein flokk. Alle var inne julaftan.

Kirsti hadde fått ny sykkel, med ballonghjul. Den var vel fin! Eg bad om å få prøve han, og fekk det. Det gjekk så fint først, men så sette eg meg på setet. Det var større enn vanleg. Eg kom meg ikkje fort nok av, og miste styringa — og rett i skulemuren. Katastrofe! Kva skulle eg gjera? Sjølv sagt det dummaste av alt. Eg påstod han hadde punktert av seg sjøl. Eg hadde jo skrøna! Slike sjelekvalar eg hadde etterpå. Det var nok ingen som trudde det eg sa. Eg har ein følelse av at eg blei sjuk.

Ein gong var far og mor borte. Karina var hos meg. Det var musikk i radioen. Eg dansa og veiva med armane — og krasj! Eg traff lamp så ho knustest. Den gongen skreiv eg tilståelsen på ein lapp. Ingen sa noe om det.

I uthuset var eg mange gonger redd, særleg om kvelden. Oppe på låa kunne det ligge noen i høyet. Skulle eg inn etter egg, og det stod ein hest der, var eg livredd. Eg likte meg ikkje inne hos hønene heller. Ein kunne jo gå gjennom kjerrehuset, men det var ikkje stort betre det. Å bli sendt i kjellaren etter noe likte eg heller ikkje. Der var det mus òg. Vi brukte å bade i kjellaren, i den store trestampen. Eg lurar på kor lenge vi bada oppe på loftet? Da måtte eg vel vera nokså lita.

Når Harald var heime med lastebilen, ville eg sitte på med han til bygrensa når han reiste, og så gjekk eg heim att.

Luking, steinplukking, potetopptaking og slikt var eg ikkje glad i. Da hadde eg ofte vondt i magen, og det kunne hjelpe å gå til mor. Når eg følte på meg at far gjekk og pønska på noe som skulle gjerast, prøvde eg å gjera meg så usynleg som mulig. Eg var vel lat, men eg syntest det var grusomt og blei uvel av å holde på med jord.

Eg har funne ut at eg var nok bortskjemd òg. Den første gongen eg måtte bli med og ta min tøm i jula, blei eg sur. Det var sikkert ikkje noen fornøyelse for den stakkaren som skulle ha meg med.

Eg syntest Kirsti var gammal nok til å få ungar, og masa litt om det. Men ho sa alltid at ho hadde ikkje tid.

Når ho kom heim, gjekk eg og verkte og syntest det var ei evigheit før ho stod opp. Men eg visste at ho trong å få kvila, så eg måtte tøyla meg.

Da Harald og Margot kom og sa dei hadde forlova seg, blei eg veldig flau. Kva tid eg forstod at det brygga mot noe med Ingebjørg og Jostein og Kirsti og Olav, er ikkje godt å seie. Både Olav og Jostein glei liksom inn i omgivelsane av seg sjøl.



## *PS frå Hjørdis*

Noen av søstrene har teke med minne frå Stokkavatnet, — mest frå vinteren med skeiseis på vatnet, og litt bading.

Eg har eit minne frå vatnet som ingen har nemnt. Kan hende var det bare eg av søstrene som var med den gongen, men det var fleire jenter, i alle fall ei eller to. Harald og noen kameratar hadde laga ein flåte. Ein dag var noen av oss bedd med på flåten. Dei padla utover, og vi var eit godt stykke frå land da Nils tok til å gyngje på flåten. Vatnet kom innover på den sida som kom ned. Eg vart redd, og snart sat vi jentene og skreik, verre og verre, og ville til lands. Det gjekk bra den gongen, men eg veit at ingen skulle få meg oppå den flåten igjen.

Eg minnest ikkje at det var mange båtar på vatnet om sommaren, og heller ikkje om Stokkavatnet var noe fiskevatn. Men det var aure i bekken. Hjø Gunhild fanga dei aure i bekken som gjekk gjennom eigedommen der. Eg minnest det godt, for ein gong var det ein aure som hoppa ut av fatet på kjøkenbenken der.

Toreveret er òg nemnt. Ja, det var ofte stygge torever på Tasta. Mor var nok den som var reddast. Moster hadde lært oss at dersom vi kunne telle til 12 mellom lyn og brak, var det så langt unna at vi ikkje trong vera redde. Eg passa alltid på å telle, men eg trur ikkje eg var av dei mest redde.

Oppe på øvre Tasta vart ei ku drepen av lynet, og eg trur òg det var ein mann som vart drepen, men det er eg ikkje sikker på.

Eg minnest at mor gjekk og la seg og drog dyna heilt over seg. Toreveret har alltid hatt verknad på kroppen min. Eg blir uvel og slapp.

Noen har skrive at dei var redde på «svåli» når det var mørkt. Ei tid hadde nok eg litt av skulda for det, og eg synest det er rart at ingen nemner det. Eg hadde nok god fantasi, for eg kunne skremme både småsøstrene mine og til slutt meg sjøl. Eg kunne «høyre» at det kom eit dyr smygande opp trappa, — at vi såg det kom nærare og nærare. Det kunne vera løve eller anna vilt. I stor redsel stengde vi døra så ikkje dyret skulle komme inn på soverommet. Men Svanhild har eg aldri skremt. Eg var for stor til det da ho var lita.

Det hende det var kraftig vind. Ein gong var det ein «Kvervelvind» som lyfte taket av ei løe, og vi såg høyet som kom og for rundt i ring oppi lufta.

*«Å eg minnest, å eg minnest, eg minnest så vel denne stad.»*